

Studietur til Romania

12.-21. august 2016



Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap

DELTAKARLISTE ROMANIA 2016

| | | |
|---------------|-----------------|---|
| Kristina | Bjurreke | Naturhistorisk museum, UiO |
| Fredrik | Calmeyer | Valdresmusea as |
| Lisbeth | Dahle | Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF) |
| Roy | Dyrkolbotn | |
| Leif | Hauge | Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF) |
| Ragnhild | Hoel | Riksantikvaren |
| Marit | Adelsten Jensen | Museumssenteret i Hordaland, avd. Havrå |
| Kjell | Krogstad | De Heibergske Samlinger, Musea i Sogn og Fjordane |
| Torhild | Kvingedal | Museumssenteret i Hordaland, avd. Lyngheisenteret |
| Jan-Arve | Lund | De Heibergske Samlinger, Musea i Sogn og Fjordane |
| Dordi Kjersti | Mogstad | Miljødirektoratet |
| Tove | Mostrøm | Museumssenteret i Hordaland, avd. Havrå |
| Marie | Pettersson | Musea i Sogn og Fjordane |
| Ellen | Svalheim | NIBIO Kvithamar |
| Magne | Vikne | Museumssenteret i Hordaland, avd. Havrå |
| Christian | Zurbuchen | Økoringen Vest |

Arrangør og reiseleiar:

| | | |
|-----------------|-----------|---------------------------|
| Per Øystein | Klunderud | Klunderud Natur og Kultur |
| Sándor "Karcsi" | Károly | Bussjåfør |

Innleiing

I august 2016 arrangerte Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap ein studietur til Romania med hovudvekt på Transilvania. Målet for turen var å oppleva eit autentisk kulturlandskap med kulturmarktypar, tradisjonelle bygningsmiljø, element og levande arbeidsprosessar. Kulturlandskapet har mange likskapar med det historiske norske kulturlandskapet og kan gje oss nyttige innspel om praktisk formidling og forvaltning av dette. Reisa gjekk i regi av Klunderud Natur og Kultur som har lang erfaring frå liknande turar i området.

Det var plass til 19 personar på turen. Reisa vart fort fullboka, men på grunn av fråfall rett før avreise var vi 16 personar som drog ned til Romania. I tillegg var reiseleiar Per Øystein Klunderud og bussjåfør Karcsi med på heile turen. Deltakarane kom både frå museum og frå andre institusjonar som er knytte til nettverket. Gruppa er kompleks såleis at ho består av både praktikarar og akademikarar. Dette er ein styrke på tur då alle er flinke til å dela med seg av kunnskapane sine og vi får ein brei forståing av kulturlandskapet og prosessane som føregår der. Til referatet har alle bidrege. To og to har hatt ansvar for kvar sin dag. Innhald i referat kan variere litt med omsyn til interesse, språk og uttrykk til den enkelte. I tillegg har botanikar Kristina Bjureke med hjelp av Ellen Svalheim laga ein planteliste for artar dei kvar dag har artsbestemt. Fredrik Calmeyer har også laga kollasj av fuglar og insekt som vart observert under turen.

Reisa var tilrettelagd slikt at vi vitja tre ulike landsbyar. Landsbyane var forskjellige med omsyn til høgde over havet, etnisitet og kultur:

- Landsbyen Viscri (på tysk: Weisskirch) ligg i låglandet. Det er ein av dei klassisk saksiske landsbyane med ca. 500 innbyggjarar. I 1993 fekk den status som verdsarv av UNESCO.
- Gyimes ligg i den ungarsktalande Trotusdalen rett innanfor grensa til regionen Moldova. Her møtte vi Csango-kulturen.

- Magura er ein liten rumensk fjellandsby som ligg 1000 moh. i nasjonalparken Piatra Craiului (på tysk: Nationalpark Königstein).

Romania

Romania er eit mangfaldig land. Landet, slik vi kjenner det i dag, er relativt ungt, men området har ein lang og rik historie. Området har i lange periodar vore kontrollert av andre naboland og det har inngått i fleire store imperium: det romerske, det osmanske og Austerrike – Ungarn. Den første sentrale regjeringa vart danna i middelalderen då to rumenske statar, Moldova og Valakia vart danna. Dei vart seinare vasallar under det osmanske riket, men kunne på ny utropa seg som eit eige kongedøme under konge Carol på andre del av 1800-talet. Transilvania låg då under Ungarn og vart inkludert i Romania etter fyrste verdskrig. Den nordlege delen av Transilvania vart på ny ein del av Ungarn under andre verdskrigen. Dagens grenser fekk landet så seint som etter andre verdskrig. Ved same tidspunkt kom kommunistane til makta og avskaffa monarkiet. I perioden 1965-1989 vart landet styrt av diktatoren Nicolae Ceausescu. Han vart avsett i ein blodig revolusjon i 1989. Etterpå fekk landet ny styreform og Romania er i dag ein republikk med president og statsminister. Landet er medlem i NATO og kom med i EU 1. januar 2007.

Influensen av mange ulike folkegrupper er tydeleg i landet. Det som også er påtakeleg er at dei forskjellige gruppene har blanda seg relativt lite opp gjennom åra. Framleis har kvar etniske gruppene sitt eige språk, kultur og historie. Vilkår for dei ulike gruppene har nok også variert etter kven som til ei kvar tid har styrt i landet. I dag er det rumenarane som sit ved makta, og som også er den desidert største folkegruppa. Landet sitt offisielle språk er romansk. Det er eit latinsk språk som står nær t.d. italiensk, spansk, fransk og portugisisk. Ettersom det er relativt enkelt å læra desse språka, så er det mange som reiser til desse landa for å søkja arbeid.



Figur 1: Kart over dagens Romania og inndeling i regionar. Transilvania som var hovudreisemålet er merka med gult. Vi var så vidt innom Moldova som er merka med ein mørkare gul farge. Vi flaug inn og ut frå Sibiu. Landsbyane markerte med blått er dei landsbyene som vi budde i. Kartet er teikna på frihand og er ikkje eksakt.


På reisa vår opplevde vi den tydlegaste historiske grensa då vi var i Gyimes. Etter eit besøk på stølen til Attila gjekk vi vidare oppover i utmarka. Vi kom til eit minnesmerke over soldatar som miste livet sitt i krigen. Slike minnesmerke er vanlege i området. Det kunne vera til minne for både ein eller fleire soldatar. Dette vart vi fortalde ståande ved sida av eit gjerde. Eit gjerde som i seg sjølv ikkje såg ut å vera noko spesielt, gjord av ein blanding av piggrå og hun. Så vart vi fortalt at dette i si tid var grensa mellom Romania og Austerrike-Ungarn. Grensa vart enno meir påtakeleg då Attila ikkje kunne svara på eit spørsmål fordi dei på hi sida brukte rumenske skikkar. Litt lenger vekk gjekk vi også forbi ei gamal skyttargrav. Den gamle grensa gjorde seg også gjeldande i Lunce e Jos, ein by i Gyimes like ved Aldomas der vi budde. Her såg vi restar etter store militærleirar og jernbarnestasjonen var stor i høve til storleiken på byen fordi den i si tid hadde vore grensestasjonen.



Figur 2: Attila fortel om verdskrigane og grenser. Gjerdet av piggråd og hunbord følger den gamle grensa mellom Romania og Austerrike-Ungarn. Foto: Marie Pettersson

Geografi og miljø

Også i landskapsformasjonane er det stor variasjon. Mest markant er fjellkjeda Karpatene. Den kjem inn i Romania frå nord, og strekkjer seg først mot sør og så mot vest som ein omvendt L. Ein skil ofte mellom Aust-Karpatane (i grensa mellom Transilvania og Moldova) og dei meir alpine Sør-Karpatane (grensa mellom Transilvania og Valakia). Aust og sør for Karpatane er eit fruktbart slettelandskap medan vest og nord er eit høgt bakkelandskap med åsar og bølgjande landskapsformar. Donau er grenseelv mot sør og elva sitt store delta mot Svartehavet er eit av Europa sitt viktigaste våtmarksområde. Klimaet i det meste av landet er kontinentalt med store temperatursvingingar gjennom året. Det kan også vera store regionale variasjonar i temperatur.



Figur 3: Landskapet vest for Karpatene er kjenneteikna av eit bølgjande bakkelandskap. Foto: Marie Pettersson

Dag 1: Fredag 12. august, reisedag til Viscri med stopp i Saschiz

Referent: Ellen Svalheim og Kristina Bjureke

Reisa vår besto i; fly Oslo – Wien – Sibiu, og buss videre til Viscri.

Reisa fra Oslo, Gardermoen til Sibiu i Transilvania gikk etter planen. Vi hadde litt ventetid på flybytte i Wien, og i ventetiden fikk vi en grundig gjennomgang av programmet for turen og mer generelle reiseopplysninger av vår reiseleder Per Øystein Klunderud. Alle deltakere fikk også ett eks. av boka: *The historic Saxon villages of Southern Transylvania*. Forfatter er John Akeroyd. Denne tar for seg området vi ferdes i de første dagene, og er utgitt i 2006 av Fundatia Adept.

Ved innflyvninga til Sibiu kunne vi se grønne graskledde åser langt oppover fjellsidene med små landsbyer nede i dalbunnen gjerne langsmed ei elv. Dette landskapsbildet strakte seg vidt utover så langt vi kunne se! Dette skulle bli spennende å utforske nærmere.

På flyplassen i Sibiu møtte vår bussjåfør Karcsi (Sándor Károly) oss med sin 20 seters buss. Karcsi er rumener av ungarsk opprinnelse og var en smilende og beskjeden mann. Vi kjørte så buss mot Sibiu så videre til Sighisoara og Saschiz.

Stopp i Saschiz

I Saschiz tok vi vår første stopp, og her ble vi møtt av Cristi Gherghiceanu, som er daglig leder av organisasjonen ADEPT. Før vi fikk omvisning i organisasjonens lokaler ble vi bedt på middag. Det var gjort klart et deilig måltid til oss der vi fikk tradisjonell mat bestående av brød, fersk ost, tomater (søte og deilige!) og suppe til forretten og en gryterett til middag,

samt kake og kaffe. Vi fikk også spandert pălincă av svarthyll, dvs svarthyllbrennevin, slik at vi skulle holde oss friske på turen.



Figur 4: Bildet til venstre: Leder for ADEPT Cristi Gherghiceanu i samtale med reiseleder Per Øystein Klunderud og Fredrik Calmeyer. Bildet til høyre: Lokalprodusert svarthyllbrennevin. Foto: Ellen Svalheim



Figur 5: Fersk ost servert oss i Saschiz. Foto: Ellen Svalheim

Etter middagen fikk vi orientering om ADEPT sitt arbeid: Fundatia ADEPT er en frivillig, ideell organisasjon som har til hensikt å ivareta det tradisjonelle landbruket med tilhørende miljøverdier og biologisk mangfold i Tarnava Mare-området i Transilvania. <http://www.fundatia-adept.org/>

Transilvania regnes som Europas kjerneområde for kulturavhengig biomangfold, og de omtales gjerne som *HNV-High Nature Value landscapes*. For ADEPT er det viktig å få fram at HNV landskapene leverer viktig økonomisk vitalitet for landbruksavhengige lokalsamfunn, og opprettholder samtidig viktige økosystemtjenester.

ADEPT jobber ikke bare innen Transilvania, men samarbeider med ulike NGO-organisasjoner i Storbritannia, Spania, Frankrike, Italia, Bulgaria og Polen. Samarbeidet består i en rekke større og mindre konkrete prosjekter, for på best måte å nå målene med ivaretagelse av de tradisjonelt drevne jordbruksarealene i Transilvania.



Figur 6: Oversikt over hvordan ADEPT arbeider, fra ADEPT sin presentasjon 12.august. Foto: Ellen Svalheim

Vi fikk videre informasjon om at Tarnava Mare-området har 85 000 ha med tradisjonelt drevet jordbruksareal som brukes/skjøttet av ca 5000 familier som lever i mindre landsbyer og driver småskalalandbruk.

Tarnava-Mare er det området i Romania hvor det finnes flest kulturavhengige Natura 2000 lokaliteter. Natura 2000 lokaliteter er verdifulle lokaliteter med høyt biologisk mangfold.

ADEPT arbeider også utenfor Tarnava-Mare området. Organisasjonen samarbeider med bønder og støtter forvaltning av artsrike enger i et totalt 250 000 ha stort område i 44 kommuner, 240 landsbyer og med 200 000 personer involvert! De hjelper lokale bønder med bl.a. å tilby bruk av moderne maskiner, eks. store tohjulsslåmaskiner, til tradisjonell skjøtsel av landskapet og engarealene. Videre jobber de for at bøndene skal få mer betalt for varene de produserer. Dette gjelder eks. melk, ost, grønnsaker, frukt og håndtverksartikler. De har videre opprettet «melkepunkter» i en rekke landsbyer der bønder som har noen få kuer umiddelbart kan levere melka og få betalt en høyere pris pr/l. På disse melkepunktene har de bygd godkjente kjøkken slik at melka kan behandles og foredles til ulike produkter under hygieniske og ordna forhold. På disse stedene lages også bl.a. syltetøy, honning-glass og diverse foredla grønnskaper for salg. Et annet satsningsområde for ADEPT er agro-turisme; å la turister få komme til



Transilvania og få oppleve kulturen og biomangfoldet og helst være aktive hjelpere i arbeidet med å ivareta engene og landskapet

I de fleste landsbyene i området er landsby- og gårds plass-strukturen den samme i dag som den var i Moselle-landsbyene på 1200 tallet, jf. fig. under.

I Saschiz driver ADEPT også en liten turistinformasjon, med salg av litteratur, kart og lokale produkter.

Etter orienteringa om ADEPT i Saschiz dro vi videre med buss, ved Bunesti tok vi av fra hovedveien og inn på en sjarmerende og humpete vei i stummende mørke som førte oss til landsbyen Viscri (Weisskirch). Her ble vi tatt godt imot og det var en stor opplevelse å få komme inn i et tradisjonelt og nydelig restaurert gårdsrom hos Mihai & Raluca Grigore www.viscri125.ro. Her skal vi være i tre netter!



Dag 2: Laurdag 13. august, Viscri - Roades

Referent: Kjell Krogstad og Fredrik Calmeyer

Viscrist er en typisk Saksisk landsby med ca. 500 innbyggere, med ei hovedgate, noen få smågater, festningskirke og sigøynerstrøk.

Mens det enda er tussmørkt og morgentåka ligger tjukk over Viscrist, kommer de første livstegn ut fra de øverste gårdene i Viscrist. Geiter, kyr og hester, samt gjeteren, som fulgte buskapen ned gjennom bebyggelsen og ut på beitemarkene. Stadig flere dyr kommer til, og når beitemarkene er nådd, teller dyre-følget flere hundre kyr. Melka bæres i bøtter eller trilles med traller av den enkelte bonde til et felles mottak. Her ble den kvalitets bedømt og videresendt til meieriet. Et fantastisk skue, «uten stress og mas» i dyras eget tempo. Saueflokken med egen gjeter kommer for seg selv senere. De beiter på andre område kring Viscrist.



Figur 7: En ny dag våkner, og de første dyrene er klare for dagens vandring på vei til beitemarken i lag med sin gjeter. Her øverst i Viscrist sin hovedgate. Foto: Fredrik Calmeyer.



Figur 8: Dyreantallet har nå øket til flere hundre og beitemarkene i utkanten av Viscrist nærmer seg. Foto: Fredrik Calmeyer.

Gårdene ligger vegg i vegg, med hver sin store port som leder fra hovedgata og inn i gardstunet. De fleste gårdene har bolighuset ut mot hovedgata, og fjøs med forskjellige driftsbygninger avgrensar tunet mot utmarka. Innerst og på baksiden av tunet var gjerne kjøkken- og frukthagen. Nederst i landsbyen ligger sigøynerstrøket, med mindre og dårligere bygninger enn i de tysk/rumenske områdene.

Fra 1100 tallet og fremover, lot flere ungarske konger Transilvania bli kolonisert av tyskere fra områdene vest i dagens Tyskland, Luxembourg deler av Belgia og Nederland. Disse blir kalt for Saksere og språket for saksisk. Dialekten som utviklet seg ble svært forskjellig fra høytysk, og ikke forståelig for de fleste tyskere, mens høytysk var det felles skrift og talespråket. Området holdt kontakt med Tyskland i årene fremover, fikk med seg reformasjonen og nazismen og ble i liten grad assimilert med rumenere og ungare. Tyskerne var dyktige bønder og skogarealene ble

kraftig redusert og dyrka opp, eller brukt til beite og slåttemark. De drev åkerbruk med vektskifte og var den dominerende folkegruppa frem til 1900 tallet. Området ble rumensk etter 1. verdenskrig, uten at dette fikk store følger for den tyske kulturen. Etter 1945 og innføring av kommunismen, ble det noe sterkere press på den tyske kulturen, men under den siste delen av Ceausescu sitt regime økte presset betydelig. Vest - Tyskland kjøpte fri en god del tyskere, og etter revolusjonen i 1989, fikk alle med tysk opprinnelse tilbud om tysk statsborgerskap. I 1992 var Viscri nesten tømt for tyskere. Noen få kom tilbake, men disse ga opp og reiste tilbake til Tyskland. Kun ca. 25 personer fra denne folkegruppen er nå igjen i Viscri. Flertallet av innbyggerne er nå sigøynere, mange er ungarsktalende, mens de øvrige er rumenere.



Figur 9: Utenfor bostedet forbereder Cristi deltakerne på dagens vandring. Foto: Fredrik Calmeyer.

Omvisning i Viscri

Etter en bedre frokost med kortreist mat, tar vår lokale guide Christie Gherghiceanu oss med på vandring i Viscri. Christie har vokst opp i byen, og hans foreldre driver en liten bed & breakfast bedrift. Et imponerende skue er Viscri sitt mest kjente turistmål, den befestede kirka (fortified church på engelsk). Her er også anlagt et lite museum. Kirka er bygd i gotisk stil, er fra det 13 århundre, og fikk kringmur i 1525. Muren kom etter flere angrep fra Tyrkia, samt andre østlige folkeslag. Ikke bare de himmelske verdiene måtte sikres, men også de jordiske, for innenfor muren lå også stabburene. Man hadde kun lov til å lagre mat hjemme for en uke av gangen, og ut fra prinsippet «ingen messe - ingen mat» var det kun tilgang til stabburene i forbindelse med messe på søndager. Oppe i tårnet på kirka fulgte en fyldig orientering om landsbyen, områdene rundt, kirka, samt en fantastisk utsikt.

Før kommunismen var jorda teigdelt, men under kommunismen ble det anlagt «et statsbruk» og «et kollektivbruk». Statsbruket ble drevet med innleid arbeidskraft og kollektivbruket av landsbyens bønder i fellesskap. I tillegg hadde alle bønder rett på noe privat jord. Etter kommunismens fall ble kollektivbruket oppløst og jorda gitt tilbake til bøndene. Statsbruket ble solgt til en investor, noe som har vært lite populært i landsbyen. Arbeidsledigheten er nå stor, og med hjelp fra EU/EØS-midler, er det satt i gang tiltak for å få i gang virksomhet. Bl.a. med å ta vare på, og foredle ulla fra de mange sauene i landsbyen, samt å selge deres produkter.

Landskapet var prega av aktivt landbruk, med få tendenser til gjengroing. Nede i dalbunnen lå åkerarealene, opp på sidene slåttemarka, og øverst lengst vekk fra landsbyen beitemarkene. Det var ikke gjerder, så gjeterne måtte passe på at buskaper ikke kom inn på åker og engarealer. Gjeteren hadde alltid med hund. Fordi de fleste arealene var høstet, ble det beitet nesten over alt. I tillegg til beitebruk, ble det dyrket mais og forskjellige kornsorter. Det ble beita av melkeku, okser, hester, geiter og sauer, men overbeiting fra sau var et økende problem pga. for mange dyr. De fleste bøndene har altså noen få sauer, melkekyr, hest, geit og høner, mens flesteparten av sauene er eid av noen få gjeterfamilier. Hadde de mer enn 3



Figur 10: Øvst til venstre: Den befesta kirka i Viscri. Øvst til høgre: Innenfor murene i den befesta kirka. Nedst til venstre: Utsikt fra tårnet i kirka. Nedst til høyre: Gjeter med hund og buskap. Her sett fra tårnet i kirka. Foto: Fredrik Calmeyer.

kyr ble de skattlagt og for geit var antallet 5 dyr. Siden gjeterne ikke høster fôr til sauene sine, kan store snøfall få dramatiske følger for sauene. Antall melkekyr har hatt en liten økning. Geitene hadde en viktig funksjon utover det å produsere melk, nemlig å varsle om rovdyr.

Etter besøket i kirka fulgte vandring til Cristi sin familiegård. Grønnsakhagen var knytt til gardstunet, men frukthagen lå innenfor gardstunet og alle bygningene. Her holdt de også kalkuner og ender.

Roades

Det neste på programmet var nabobyen Roades, hvor målet var «lokal mat under Haferlandfestivalen». Dette er en saksisk festival som feires i mange av småbyene, på tidspunktet da flere av de utflytta sakserne kommer på besøk fra Tyskland. Festivalen strekker seg over en uke, hvor hver landsby i området har sin dag med arrangement. Her var bygdemarked med salg av lokal mat og håndverksprodukter. Tyskætta barn hadde uka før hatt sommerleir. Disse framførte Saksiske tradisjonelle folkedanser. Siden 2009 har stiftinga «Peter Maffay» vært aktive. Deler av prestegården er restaurert, med bolighus, vognhus og eldhus. Stedet brukes nå som leirsted og kultursenter. Videre planer er å sette i stand kirka og kirke-borgen. Andre stiftelser konsentrerer seg om å revitalisere landsbyen, samt sette i stand bygningsmassen for å beholde det tradisjonelle gatebildet. Byen har endra folkesammensetning kraftig i årene etter revolusjonen. Tyskerne er stort sett borte og rumenere og ungarere har overtatt hus og jord. Et spontant gardsbesøk ble det også. Per Øystein kom i prat med en bonde som kom leiende på ei geit, noe som tiltrakk hans oppmerksomhet. Etter noen famlende forsøk på kommunikasjon, endte de opp med spansk. Foreldrene hans hadde kjøpt gården på 1980 tallet, etter at de tyske eierne var kjøpt ut av Ceausescu, for utvandring til Tyskland. Dette var et ledd i å utslette den sterke tyske kulturen i Transilvania. Mannen hadde forlatt Spania etter at hans far døde, og startet opp som småbruker og maskin-entreprenør. Han hadde ei geit og noen høner, var gjestfri og stolt over det han drev med.



Figur 11: Fra Roades og den saksiske festivalen. Foto: Fredrik Calmeyer

På vei tilbake til Viscri og middag, fikk vi oppleve en av områdets ornitologiske godbiter «småskrikørn», men senere også fuglearter som svartrødstjert, bieter, svartstrupe, lercefalk, aftenfalk, mellomspett og stork, som er lite representert i Norge. Gjeteren som ledet all buskaper ut av Viscri på morgenen, hadde en pust i bakken ved plassen vi stoppet. Da hadde han vært på farten siden tidlig på morgenen, i ca. 10 timer.

Vel tilbake i Viscri ble det noen timer til fri disposisjon, før middagen ble servert. I kjølvannet av Ellen sin gebursdag, vanket noen ekstra godbiter til dessert.

På kvelden får vi med oss når dyra kommer tilbake fra beite. Et tidløst skuespill, og flott å se hvordan flere hundre dyr går hvert til sitt, når dagen er omme og hjemplassen er nådd! Per Øystein fikk også her ordnet med et gardsbesøk, hvor det bl.a. ble melket for hånd.



Figur 12: Øvst til venstre: Litt av vareutvalget som ble tilbudt av lokalbefolkningen. Øvst til høyre: Småskrikørn. Nedst til venstre: Etter dagens middag, fikk dagens jublant «Ellen» litt ekstra oppmerksomhet. Nedst til høyre: Natten har senka seg over vårt fantastiske tilholdssted i Viscri. Foto: Fredrik Calmeyer.

Dag 3: Søndag 14. august, Stølsvandring i Viscri

Referent: Lisbeth Dahle og Marie Pettersson

Buføring– fleire av deltakarane var oppe tidleg og følgde buføringa ut frå byen. Les meir om buføringa i gårdagens avsnitt.

På dagens program stod ei vandring i landskapet opp til ein støl med mjølkning av sau og osteproduksjon. Vi gav oss av garde etter frukost. Cristi Gherghiceanu var igjen med som guide. Familien hans var også med på turen med hest og vogn og tok med mat til lunsjen. Undervegs gjorde vi fleire stopp.



Figur 13: Prins Charles sitt hus i Viscri. Det er eit typisk saksisk hus som heng saman med nabohusa og har ein stor port som leiar inn til gardstunet. Foto: Marie Pettersson

Prins Charles House. Prins Charles av Wales er sterkt knytt til Romania og Viscri. Han har slektsrøter i Romania og det heiter seg at han har forfedre i den romanske adelsfamilien der Vlad Tepes (Drakula) stammer frå. Om det er sant eller ikkje skal i dette referatet vera usagt, men fakta er at prinsen i 2006 kjøpte, og fekk restaurert eit 1700-tals hus i Viscri. Han vitjar landsbyen jamleg og mange i byen har bilde av seg sjølve og prinsen. Prins Charles er engasjert i ulike prosjekt som er med på å ta vare på det historiske landskapet og det tradisjonelle småskala jordbruket og driftsmetodane.

Huset til prinsen er eit typisk saksisk hus farga i blått. Ved besøket på Astra museet i Sibiu fekk vi læra at den blå fargen er eit symbol på velstand. Når prinsen ikkje er der, vert deler av bustaden leigd ut til turistar.

Slåttemaskin. Det er laga ein spesiell slåmaskin som vert brukt fleire stadar kring Viscri. Utgangspunktet er som ein vanleg tohjulstraktor, men mykje breiare. Hjula er spesielle. Dei er breie og utstyrte med piggar. Breidda for



Figur 14: Slåttemaskin av typen som ADEPT tilbyr dei lokale bøndene for å ta vare på den tradisjonelle skjøtselen av landskapet. Foto: Lisbeth Dahle.

å vera skånsam mot bakken, samstundes som piggane skal vera substitutt for hovane som lagar små hol i bakken og gjev grogrunn til spesielle planter. Maskinen vert brukt på slåttemark, men vert også brukt for å fjerna kratt. Fronten kan også endrast til andre føremål slik at maskinen kan ha fleirbruk.

Vinterfjøs. Litt utanfor landsbyen gjekk vi forbi nokre større fjøsbygningar. I dag er det ein storbonde som brukar fjøsa til kyr om vinteren.

I etterkant har vi lurt på om det var gamle «kommunistfjøs»? Det er ein del restar frå denne tida og av og til vart vi fortalde om livet då. I dag fekk vi høyra om korleis så å seia alt vart pløgt opp. Vi vart fortalt at bøndene var pålagde å bruka ei viss mengde med diesel. Det var ikkje alle stadar dei greidde å bruka opp all diesel, men sidan dei ikkje kunne levera den attende, vart mykje diesel hivd på elva! Vi la elles merke til at elva framleis vart nytta som avfallsplass.

Planter. Dei flinke botanikarane våre hadde mest kvar dag eit utval av planter som dei presenterte. I dag vart følgjande planter utvalde:



Vill gulrot –Det er ein skjermplante og karakteristisk for denne arten er at den ofte har ein svart prikk midt i skjermen. Ein annan karakteristisk deltalje er at den etter blomstring bøyer seg oppover og innover slik at den får eit nøsteaktig utsjånad. Trass namnet og opphavet til våre gulrøter, er den ikkje til å eta.

Sikori – ein vakkert blå blomst der rota til tider har vore brukt til kaffierstatning, mellom anna i Noreg under 2.verdskrig.



Misteltein – er ein halvparasitt. Planten lagar sitt eige klorofyll, men tek næring frå vertsplanten. Mange har sett på den som heilag ettersom den framleis er grøn trass i at vertstreet misser lauvet om vinteren. For ikkje å fjerna det magiske, var det viktig at ein ikkje tok i den med hendene. Tradisjonen med å kyssast under mistelteinen er det Charles Dickens som har innført. Misteltein er den første planten som vart freda i Noreg.



Sauestølen

Stølen vi besøkte vart driven av Marcu Stelian. Han har ein 10-års leigekontrakt på stølen med kommunen. Marcu har med seg to gjetarar og tilsaman har dei ansvar for 700 sauer. 50 av sauene tilhøyrer mor til Cristi. Gjennom sesongen får ho 8 kg ost for kvar sau Marcu passar, medan han får overskotet av ost som betaling for gjeting og mjølkning. På grunn av gjestehuset familien Gherghiceanu driv, er ikkje 400 kg ost nok. Mor til Cristi kjøper i tillegg ein del ost frå Marcu, som er kjend for å laga god ost.

Marcu og gjetarane reiser opp 1. mai og bur på stølen til månadsskiftet september/ oktober. Marcu bur i stølshuset. Gjetarane søv i små skur som ikkje er større enn at dei akkurat får plass i dei. Under skuret ligg om natta ein hund og held vakt mot rovdyr. I tillegg til sauene og vakthundane er det og nokre grisar og eit par høner på stølen.

Marcu har mange oppgåver som skal utførast og det er lange dagar. Får han fire timar samanhengande søvn er han nøgd. Nokre av oppgåvene hans er:

Rydding av kratt. Han fjernar buskar og kratt, samlar i haugar og brenn det opp. Det er ikkje lov å brenna utan at det vart samla i haugar. Sidan dette er første året på denne stølen har det vore mykje å rydda.



Figur 15: Gjetarane på stølen bor kummeleg. Marcu sitt rom i stølshuset kan likevel sjåast på som lukseriøst i jamført med skura til dei andre gjetarane. Det er berre plass til å sova, luka kan haldast open med staur og vaktbikkja er festa til eit tau. Foto: Marie Pettersson



Sauene vert mjølka tre gonger per dag. Kvar søye mjølkar 2-3 dl om dagen. Kvaliteten på mjølka er best om hausten. I august treng dei 3,5 liter mjølk til å laga 1 kg ost, medan dei i mai måtte opp i 4,75 liter mjølk for å produsera den same mengda. På slutten av sesongen vert sauene mjølka to gonger om dagen. Marcu dreg ned til landsbyen og leverer osten, om ikkje kvar dag, så anna kvar dag. Attende til stølen har han med vatn.

På stølen vert det laga to ulike typar ost. Då vi kom opp laga han ein type ricottaost. Han fortalde at det var viktig at den var under jamn eld og at den vart rørd i. Når han var ferdig hadde Marcu ostemassen oppe i ein vev og lat han renna. Osten vart då oppbevart i eit uthus. Det spesielle med dette huset var at det hadde eit tak av brennesle. Taket gjer rommet kjøleg og gjer det såleis til ein god lagringsplass.

Familien til Cristi laga lunsj, der vi fekk servert nylaga ost saman med brød, grønnsaker, egg og spekepølse. Vi fekk og smaka polentagraut (vassgraut av maismjøl). Lokalt la ein gjerne ost i polentaen og ein spesialitet var å steika polentagrautklumpar fylt med ost i olje. Vi fekk smaka begge variantar. Til dessert var det vassmelon.

Etter lunsj var det rom for deltakarane til å utforska området på eiga hand. Nokre tok turen opp på den næraste toppen og fekk fin utsikt over både Viscri og nabodalføret. Vi samlast då sauene kom tilbake til stølen. Medan gjetarane åt, tok dei fleste av oss ein middagskvil fram til dess det var tid for mjølking.

Sauene vart samla innafor eit gjerde. Vi såg mange sauer som halta på grunn av klauvbetennelse. Før mjølking tok dei ut nokre av dei sjuke, skar i klauvane, fekk ut verk og sprøyta på noko desinfiserande.

Mjølkinga skjedde i eit lite skur knytt til gjerdet. Sauene gjekk gjennom ei luke, vart mjølka og kunne så gå ut på stølsvollen att, sjå figur 16.



Figur 16: Øvst til venstre: Hygiene før mjølkinga er viktig. Øvst til høgre: Dei vart mjølka to og to. Det vart ikkje gjort forskjell på sauer og geiter. Neste søye venta på tur. Nedst til venstre: døra vart opna og neste søye slepp til. Nedst til høgre: Bak mjølkeskuret ventar dei andre pent i kø. Foto: Marie Pettersson

Straum. Under reisa vår fekk vi fleire døme på korleis Noreg har støtta ulike tiltak i Romania. Stølen var ikkje noko unntak. Her hadde dei fått støtte til solpanel slik at det fekk lys om kvelden og natta, tilgang på varmt vatn, kunne bruka elgjerde, kunne ha mobiltelefon m.m. Solpanelet var konstruert slik at det kunne plukkast ned og fraktast ned til landsbyen. På den måten var det i bruk også om vinteren.



Figur 17: Marcu lagar ein type av ricottaost. Han er nøye med å ha ein jamn varme og røre i osten. Etterpå vart osten laga i eit uthus. Foto: Marie Pettersson



Figur 18: Uthuset der ein lagra osten har eit tak av brennesle. Det var forbausande kor kjøleg det var inne i huset. Foto: Marie Pettersson



Figur 19: Sauane i Romania beita i større grad i flokk enn kva dei fleste sauerasane i Noreg gjer. Foto: Marie Pettersson

Dag 4: Mandag 15. august, Viscri- Miercurea Ciuc – Gyimes

Referent: Dordi Kjersti Mogstad og Ragnhild Hoel

Etter at mange også denne siste morgonen i Viscri hadde fått med seg morgonvandringa med krøttera ut frå byen, samla vi oss kl. 9.30 i bussen for å reise vidare til Trotusdalen i nordaustre Romania, med Aldomas ved Gyimes som mål for kvelden og base for dei neste dagane. Denne reisedagen fekk vi sjå eit stort spenn av landskapstypar. Vi reiste no frå det opne, bølgerande beitemarkslandskapet i området Târnava Mare gjennom våtmarker og store intensivt drivne landbruksareal og byen Miercurea Ciuc på slettelandet i Ciuc-bassenget, opp gjennom dalar og fjellpass, før vi



Figur 20: Ellen, Marie og Kristina studerer eng- og kantvegetasjon. I bakgrunn ser vi poppeltrær (*Populus sp.*) langs vegen, med store klasar av misteltein (*Viscum album*). Foto: Dordi Kjersti Mogstad.

endte opp i "mikroregionen" Pogány-Havas i ungarsktalende del av Romania.

Første stopp etter vi hoppa i bussen var allereie like etter Viscri, ved ein poppel-allé (*Populus sp.*) langs vegen. Både store klasar av misteltein (*Viscum album* L.) i trekronene og en lerkfalk (*Falco subbuteo*) sitjande i den eine sørga for flittig og intensiv kikkertbruk ei kort stund. Delar av turfølget var elles på minst like intens jakt etter heilt andre ting ute i enga og kantvegetasjonen – som mellom anna brennande busk (eller askrot, lat. *Dictamnus albus*) (inget funn) og ekte alant (*Inula helenium*, funne av Kristina og Ellen).



Figur 21: Bilde til venstre: Humleplantasje med dyrking av humle (*Humulus lupulus* L.) i stor skala Humleplantene, som er ei slyngplante, klatrar her i kraftige stålstrenger monterte til lange masterekkjer. Foto: Dordi Kjersti Mogstad. Bilde til høgre: I humledyrking er det blomsten som er interessant, og dermed hopplantene som rå. Foto: Ragnhild Hoel

Etter nokre "praktiske stopp" undervegs, fekk vi til ein kort kikk inn i ein større plantasje der dei dyrka humle (*Humulus lupulus* L.), og køyrde gjennom fleire små landbyar med karakteristisk arkitektur og materialbruk i ein kombinasjon av treverk og mur. Eit iaugefallande element var alle dei flotte, utskorne portane og inngangspartia, med overbygg som minte om "dueslag" både i utforming og påteikning.

Lunspakke var bringa med frå Viscri, og den åt vi under stopp ved Lobogò Panzò – ved utspringet av ei kjelde med svært mineralrikt vatn, som er heldt for å vere svært helsebringande. Mykje folk stoppa og fylte vatn på store kannar og vassflasker her. Her fanst også både restaurant, alpinbakke, opparbeidd uteområde og butikkar med fine handverksprodukt med lokalt opphav og meir typiske turistartiklar.

Etter lunsj gjekk turen etter hovudvegen gjennom det vide Ciuc-bassenget, kjent for våtmarksområde med eit rikt biologisk mangfald særleg av insekt



Figur 22: Frå det bølgande landskapet i vest køyrde vi no tvers over Ciuc-bassenget, eit stort sletteland av våtmarker, beitemark og oppdyrka landbruksområde. Foto: Dordi Kjersti Mogstad

og amfibiar. Store delar av bassenget er i dag også moderne, intensivt drive landbruksområde, med store kornåkrar før og etter vi passerte byen Miercurea-Ciuc. Her vart musvåken (*Buteo buteo*) eit vanleg syn frå bussvindauget - sitjande på halmrundballar utover kornåkrane, eller i glideflukt over åkrane på jakt etter bytte.



Figur 23: Skuronna var unnagjort på det meste av kornareala. Flokkar av stær og kråkefugl tok seg av det som var av kornrestar ute på åkrane. Foto: Dordi Kjersti Mogstad.

Etter å ha køyrt inn mellom terrasserte åssider og trongare dalføre, svinga vi opp til høgste punktet på turen; Gyimes-passet på 1159 moh. Der fekk vi ein god stopp for å vandre – nokre opp langs stien til fjelltoppen Pogányhavasi/Pagan Mountain 1350 moh., andre meir "kortreiste" med fokus på nærstudiar av karplanteflora og insektfauna i dei enno ikkje slegne

og nyslegne engene, jf. vedlegg 1. Frå ein engelskspråkleg informasjonsplakat på toppen av fjellet henta vi informasjon om andre karakteristiske artar i området (som vi ikkje såg): Eastern Pasqueflower (*Pulsatilla patens* L), ein underart av kubjelle. Ingen andre stader i Romania finst denne over 500 moh. Black False Helleborine (*Veratrum nigrum*, svart nyserot) , Rock Centaurea (*Centaurea mollis*) er ein type knoppurt. Ladyslipper Orchid (*Cypripedium calveolus* L, marisko), Vanilla Orchid (*Gymnadenia (Nigritella) widderi*) ein orkideart i slekt med brudesporen og Stemless Gentian (*Gentiana acaulis* søteart).

Dei insekta som gjorde mest av seg i enga no i midten av august var fleire ulike artar med grashopper. Det var lite av blomsterfluer, villbier og berre nokre få sommarfuglar å sjå – noko som nok kan forklarast med at vi no var seint i sesongen og mykje av det som var av nektarblomster var visna ned. Fleire edderkoppar og ei sandøggle (*Lacerta agilis*) vart observert i enga, og eit rådyr (*Capreolus capreolus*) smatt inn mellom enkeltstående tre og småklynger av gran og hassel. Karakteristisk i dei nyslåtte engene var også sølvtistelen (*Carlina acaulis*), som med blomster og dermed frø plassert i bladrosett tett nede ved bakken unngår slåttekniv og ljåblad, og dermed er godt tilpassa eit vidare liv i slåttemarka.

Ned frå Gyimes-passet svinga vi oss mellom dalsider med slåttemark og stølar og beiteland så langt, vidt og høgt vi kunne sjå. Ned mot dalbotnen var teigdelingssystemet til dels svært tydeleg, med lange smale "taumar" av slegne og enno ikkje hausta slåtteteigar.

Vi passerte militærforlegninga ved Lunca e Jos, og vidare heile vegen låg flotte gardtun med karakteristiske våningshus i tre og mur og driftsbygningar meir eller mindre fulle av årets hø. Mange av gardane har her også store frukthagar – frå bussen såg det ut til å vere mest epletre - truleg mest til eige hushald. (Dette fekk vi stadfesta da vi kom til Attila i Aldomas – der vi smakte pressa elesaft frå slike hagar, pressa på

eplepresse gitt som gåve til dalen av ein slåttekursdeltakar - Alex Hill - frå England).

Vi kom til Gyimes i kveldssol, og etter ein god gjensynsklem mellom turleiar og vår nye vert Attila Sarig, hoppa han på bussen med smil om munnen, stråhatt og ein pose full av solmodne tomatar til kveldens måltid med oss. No bars det opp den smale bygdevegen til Aldomas – sidedalen der vi skulle bu hjå Attila, kona hans Reka Simo, familien deira og nære naboar dei neste tre dagane. Vel installert i alle rom møttest vi til god middag ute på tunet – trygt under tak, etter at ein varm dag som vart avslutta med torevêr og ein skikkeleg regneling til kvelds.



Figur 24: Framme i Aldomas: møte mellom gode vener og samarbeidspartnarar - turleiar Per Øystein Klunderud og ildsjel Attila Sarig. Foto: Ragnhild Hoel



Figur 25:

Øvst til venstre: Slåttenger med høysåter. Fottur frå det høgaste punktet på vegen mellom Miercurea Ciuc og Gyimes. Vi gjekk frå 1159 moh til fjelltoppen Pogányhavas / Pagan Mountain 1350 moh. Området er av dei mest artsrike i de austlige Karpatane. Foto: Ragnhild Hoel.

Øvst til høgre: Slåttemark ved Gyimes passet mellom enkeltstående tre av hassel (*Corylus avellana*) og sølvtistel (*Carlina acauli*) synleg som kvite flekkar i enga (og i innfelt foto). Foto: Dordi Kjersti Mogstad.

Nedst til venstre: Slåtteng med høyløe frå same område. Foto: Ragnhild Hoel

Nedst til høgre: Kristina og Ellen studerer engvegetasjon ved Gyimes-passet. Foto: Dordi Kjersti Mogstad





Figur 26: Det var eit mylder av liv i engene. Dette er nokre av skapningane vi såg på reisa vår i Romania. Sjå fleir insekt i vedlegg 3. Foto: Dordi Kjersti Mogstad og Marie Pettersson

Dag 5: Tysdag 16. august, Aldomas

Referent:

Denne delen av referatet vil koma seinare. Stikkord frå dagen:

- Besøk på stølen til Attila der vi m.a. var med og laga ost. Turen opp gjekk vi kortaste veg, men valde ein litt lenger veg ned slik at vi fekk sjå meir av området. På nedvegen vart vi delt opp litt. Nokre tok det rolegare og fekk med seg ljåslått og såte-laging. Attila tok med ei gruppe til «ostefabrikken» sin.
- Besøk hjå skreddar. Vi fekk ei innføring korleis dei laga tradisjonelle vestar. Vi fekk med oss heile prosessen frå ull til ferdig produkt.
- Besøk hjå smeden som syna oss heile prosessen med å laga hestesko og sko hesten.
- Etter kveldsmaten vart det arrangert eit kulturelt innslag for oss. Lokal ungdomar spela, syng og dansa for oss.

Dag 6: Onsdag 17. august, Slåttedag i fjellområdet ved Orodik

Referent: Leif Hauge og Jan-Arve Lund

Slåtteeuger i fjellet

I dag gjekk utferda til fjellområdet ved Orodik på kring 1300 moh., til dei høgastliggjande slåttemarkene i området.

På same måte som fjellslåtten her til lands var det siste ein tok, er det nok så også i Romania. På dei fleste stølane i høgda var det full aktivitet med slått og få inn hø. Så ein på graset kan ein lure på om tidspunktet eigentleg var litt seint for slått? Både gras og urter er utvaksne og i ferd med å bli noko trevla, førkvaliteten er noko redusert. Doggen sit også lengre i graset om morgonen.



Figur 27: På veg til slåttemarka. Merk korleis ljàen skal berast stødig på ryggen og med ljàbladot peikande oppover. Legg også merke til høysåtene på slåttemarka i bakgrunnen. Foto: Leif Hauge

Handsaming av ljàane

Langorvar og river vart frakta opp til stølen med bil, så me slapp å bere utstyret opp bakkane. Men ljàblada er kvasse og ljàane må handsamast med varsemnd. Orvane må alltid leggjast på ryggen med ljàbladot peikande oppover. Dei bør hengjast eller setjast opp når ljàane ikkje er i bruk. Under slåtten bør det vere minst tre meter mellom slåttekarane.

Medan ein i Skandinavia gjekk over til slipeljà på 1800-talet har ein i Sentral-Europa halde fram med å bruke bankeljå. Ljàbladot er smidde av mjukt stål og skal ikkje slipast, men bankast (derav namna). Såleis må ein vanlegvis ha både hammar og ein liten «ambolt» med seg under slåtten. Ljàane me nytta kunne brynast, men bryninga skjedde med litt andre rørsler enn i Norge. Når ein i Norge gjerne har sirkelbevegelse ved bryning, før ein brynja på bankeljåen nedover og framover.

Orvet var vanlegvis laga av hassel, men ask, kirsebær, osp eller poppel vart også brukt.

Attilas slåttekurs:

- Ein skal helst slå frå toppen og nedover bakken
- Orvet skal haldast med ei hand på kvar av kaggane
- Orvet skal haldast høgt slik at ein ikkje bøyer ryggen i særleg grad
- Ein skal slå i store sirklar der venstre hand om lag er senter i sirkelen
- Slå med jamne bevegelsar i ein «semi-sirkel»
- Snu også på kroppen og fylg bevegelsen med ljàen
- Bladtuppen skal vere vendt litt ned og skal treffe marka fyrst.
- Med tommelen på høgre kagg kan ein justere vinkelen på ljàbladot
- Ikkje slå for breie skorer, breie skorer tek lett ekstra krefter
- Plasser venstre fot langs med linka for forrige skoren
- Sjå berre framover når ein slår, ikkje bak
- Skal skjere, ikkje slå graset/urtene
- Når graset er blautt må ein turke ljàbladot før ein brynjer. Turk av for kvart ca. 15 m slått. Ta ein god dott med gras, klyp oppå ryggen av ljàbladot og

dra nedover. Turk aldri nedanifrå, det er lett å skjere seg. Start oppe på ljåbladet og dra nedover, ikkje start i spissen.

-Konsentrasjon ved bryninga: Ikkje for stor vinkel på eggen, det skjemma lett ut bladet.

-Dra alltid brynet nedover ljåbladet mot spissen, vekselvis på fram- og baksida.

-Hugs: set alltid enden av orvet godt ned i marka slik at den står støtt.



Figur 28: Attila held eit lite slåttekurs for oss, her demonstrerer han korleis ein skal bryne ljåen. Foto: Leif Hauge

Slått

Attila og kursdeltakarane slo eit fleire dekar stort engareal. Attila var kanskje både overraska og begeistra over kompetansen til kursdeltakarane. Dei fleste deltakarane hadde brukt ljå før og var flinke hjelparar. Nokre museum t.d. Havrå, Valdres folkemuseum og Sogn Folkemuseum, driv med

aktiv ljåslått i formidlinga si og har fleire flinke tradisjonsberarar. Til saman kunne me nesten ha mønstra eit «landslag i ljåslått».

Våre ekspertar hadde nok kommentarar til den lokale måten å slå på. Det verka som dei brukte mykje krefter på kvar skore ved å lyfte orvet høgt og slå graset, i staden for å skjere. Ved å føre ljåbladet skrått ned i skoren, vart også dei fyrste desimetrane med gras/urter ikkje kappa av ved overflata. Graset vart heller delt litt oppe på stengelen slik at det for oss som hesjar graset hadde vorte problem med å få det til å hengje på hesja.




Figur 29: Slåtte-karar og -kvinnfolk i skåragang. det var viktig å halde god avstand til kvarandre for å unngå besøk til den lokale helsestasjon. Foto: Leif Hauge

Bakketurking

Graset låg så og bakketurka i solsteik og lett bris. Medbrakt var også treriver (også riveskaft i tre) som me nytta for å vende graset for maksimal turke. Avhengig av ver og turketilhøve måtte graset vanlegvis liggje å

bakketurke eit par dagar. Men på grunn av dei gode turketilhøva med sol og trekk kunne me førebu innkøyring i løa på same dag.



Figur 30: Bakketurking under særleg gode vertilhøve. Med hjelp av treriver vart graset snudd og turka i løpet av ein dag. Foto: Leif Hauge

Oppsamling i såter

Til dette arbeidet fekk me hjelp av erfarne transilvanske slåttekarar som delte slåttemarka inn i mindre teigar og starta med å rake høyet saman i små bankar. Sentralt i oppsamlingsområdet la dei eit par-tre kvistar i vifteform og med skjølendane (kvistendane) samla. Dette skulle fungere som ein sloe ved seinare transport (sloe = primitiv eingongsslede laga av kvistar bundne saman med tau). Kvistane var både av lauvtre (bjørk), men aller best var greiner av gran som hadde den største dekningsflata.

To og to karar arbeidde saman. Den eine samla saman høyt med høygaffel og lassa opp på såta. Den andre var oppe på såta og fordelte og trakk

saman høyet der. Slik fekk ein opp overraskande mykje høyt i denne såta. Når heile teigen var raka for høyt og høyet lagt i denne såta avslutta ein med å pynte på såta med ein rake og fjerne alt laust høyt.

Til saman laga vi seks slike såter, og dei transilvanske slåttekarlane vart att og fekk alt i hus. Hadde tida ikkje strukke til hadde høyet tålt å vera i såtene ein tid. Såtene er laga slik at vatnet renn av og tål soleis ein del regn.

Vinterlagring av høyet

Høyet vart lagra på to hovudmåtar her i Orodik: Enten ved innkøyring i høyløer på stølen og heimkøyring vinterstid, eller ved lessing i store høyvogner for å køyre direkte heim til gardsløer for å unngå denne transporten om vinteren.



Figur 31: Nokre bønder køyrde høyet heim sommarstid i staden for å mellomlagre det i høyløer på stølen. Høyet var lassa på spesielle vogner i store kvanta. Vogna har påløpsbrems fram og ein slags håndbrekk for å bremse farten. Foto: Leif Hauge



Figur 32:

Øvst til venstre: Under høysåtene la ein eit par-tre greiner av lauveller bartre. Gran var spesielt eigna av di det her er omfangsrike kvistar til å leggje høyet på. Denne transportsmåten er det nærmaste ein kjem dei gamle norske "sloane".

Øvst til høgre: Lang erfaring skal til for å få mest mogleg høyp opp i såta. Vanlegvis kasta ein kar høyet opp i såta medan ein annan fordelte og trakka saman høyet til ei såte.



Nedst til venstre: Såtene vart dregne mot løene med hest. Ein kjetting vart festa til hesten og til kvistendene og også surra rundt såta slik at den ikkje skulle dele seg.

Nedst til høgre: Høysåtene vart frakta fram til løedøra med hest. Høyet vart her nøye fordelt og plassert inne i løa.

Foto: Leif Hauge

Attila lagra høyet fyrst i løer på stølen. For å transportere såtene til løa nytta dei ein hest og ein lang tilpassa kjetting. Kjettingen vart festa i skjølenden av kvistane og plassert rundt såta på sentrale festepunkt. Kjettingen festa ein så til drettet til hesten som med stor kraft drog desse såtene til løa. Klart gjekk dette arbeidet lettast i unnabakkar, men av og til måtte hestane slite i små parti i motbakkar også. Ved løa vart høysåta på sloen fråkopla hesten, og høyet kasta inn i og pakka tett i løa. Sloen (kvistane) vart lagt i ein haug utanfor for gjenbruk. Dette arbeidet pågjekk til alle såtene i området var komen i løene.

Andre former for turking og lagring av høy

Høyet kunne også setjast i høystakkar der det var problem med innandørs lagringskapasitet. Høystakkar var ikkje så vanlege i Aldomas-dalen, men i Magura (fjellområde) såg me mange slike. Dette var langt større konstruksjonar med ei stakkstong i midten og godt pakka høy rundt denne. På toppen kring stakkstonga var det «i gamle dagar» noko kvistmateriale som skulle hindre at vatn trekte inn i stakken, i dag nytta ein plast.

Elles såg me få hesjar her, graset vart stort sett berre bakketurka. Nokre korte trohesjar med kring ti golv vart observert frå bussen i Aldomasdalen.

Biologisk mangfald

Desse slåttemarkene hadde eit utruleg høgt innslag av ulike gras og urter. Tidlegare på sommaren må dette ha vore eit utruleg fargerikt syn, me såg berre restane etter dette blomsterflore. Mange av engartane kjenner me frå heime som grasa hundegras, hjertegras, engkvein, dunhavre, gulaks og engrapp. Av urter vaks også engkall, fuglevikke, skogkløver, ryllik, prestekrage, tiriltunge, blåklokke, rundskolm, bergmynte, bakkekløver, engkonoppurt, markjordbær og dunkjempe. Langs med vegar, trakk og tre stod gamle kjenningar som einstape, vendelrot, bringebær og bjønnekjeks. Kristina (Bjureke) og Ellen (Svalheim) inventerte engene og har utarbeidd ei artsliste for desse slåttemarkene (sjå vedlegg 1).

I tillegg til planteliv, var her også ei utruleg rik fauna med insekt og smådyr. Me treffe på krypdyr som sandfirfirsle og hoggorm og utruleg mange insekt, spesielt grasshopper, vårtebiter og sommarfuglar.



Figur 33: Reiseleiar Per Øystein var med ei gruppe i Orodik i juni. Biletet viser Stig Horsberg på vandring i enga før slått. Fotoet er teke 27.6.2016 av Per Ø. Klunderud

Tilskotsmidlar, EU-støtte

Attila leiger dette området og slår det med hjelp av familie og innleigde slåttekarar. Området er omfatta av tilskotsordingar gjennom EU-systemet. Dette er engar av høgaste verdi og det er visse reglar og satsar som gjeld for forvaltninga av slåttemarkene. Slåttemarkene her i Orodik utgjør eit A-område for tilskot. Slåtten kan ikkje ta til før 1.juli. Eigaren mottok 400 euro

i maksimal støtte pr. hektar. Dette utgjør vel ca 40 euro, eller nesten 400 kroner pr. dekar. I fallet med Attila er det ho som eig som får heile EU-tilskotet. Attila får høy og fôr til dyra og heile arbeidet.

Utfordringar

Det er eit småskala jordbruk som vert praktisert her i området, forvalta av småbønder. Det er ofte urasjonelle avgrensingar av teigar og utbreidd teigdeling som gjer drifta urasjonell. Ein etter ein småbonde sluttar med jordbruk. Når ein sluttar dreg han ofte andre med seg inn i ei negativ utvikling. Jordbruket gjev liten avkastning for småbøndene, vanleg timeløn ligg på 6-10 lei timen (15-20 kr). Ein ser attgroing i mange område. Det er viktig å rekruttere unge bønder som kan sjå ein framtidig leveveg i dette, spesielt i forvaltning av det mangfaldige kulturlandskapet.


Attila meiner det er viktig at jorda framleis blir driven av småbønder, og at ikkje «storbønder» får fotfeste i området. Også dei store industriselskapa er interesserte i å kjøpe opp jord, og bruke sine industriprodukt på desse areala, altså styre innkjøp og fordeling av maskiner, reiskap, gjødsel, plantervernmidlar og liknande.

Epilog

Og til sist, men ikkje minst: Denne dagen fekk me servert eit fantastisk måltid ute i det fri. Ein stor gryte med heimelaga gulasj servert med salat og brød til. Og i tillegg god heimepressa eplesaft eller kvitvin for dei som ville slumre i høyet etterpå.



Figur 34: For Attila er småbønder og deira drift av jordbruket viktig. Han får støtte av kona Reka Simo, her saman med sonen Bendik. Reka flytta frå Budapest og til gardsdrift i Aldomas. Her har ho nok av oppgåver til sin store arbeidskapasitet. Foto: Per Ø. Klunderud.



Figur 35:

Bilde øver: Til lunsj vart det servert heimelaga gulasj etter lokal oppskrift. Kjøtet hadde kokt inn i 3 timer og var fantastisk mørvt og velsmakande.

Bilde til venstre: Dugnadsgjengen med delar av det "norske landslaget" i ljàslått!

Foto: Leif Hauge

Dag 7: Torsdag 18. august, Reisedag Gyimes - Magura

Referent: Magne Vikne

Frokost kl 08.00 Per Øystein snakket om gårdsdagen: om slåttemark og småskalalandbruk som forsvinner. Dette henger blant annet sammen med lav timebetaling, 10 lei pr. time. Turene til dette området er bl.a. for å få se denne drifta, før det er for sent. Mange unge har annet arbeid ved siden av små gårder. Små gårder er en konsekvens av at lovverket lager føringer for oppdeling av bruket ved overdraging til arvingene. Det er slik at alle skal ha sin del. Store firma vil ikke ha småskalagårder, da dette ikke er økonomisk lønnsomt. EU gir penger til landskap til skog/trær, men ikke for å dyrke mat! Det er en stor utfordring å få unge mennesker til å drive gårdene. Penger og frihet er mer fristende. 50% av ungdommene arbeider i andre



Figur 36: På veg opp til stølen dagen i forkant viste Attila problematikken med oppdelte små jordstykke. Nokre av grensepinnane er merka med pilar for å tydeleggjere kor små jordstykkja etter kvart vert. Foto: Marie Pettersson

europiske land. Dette er en trist utvikling og historie, men viktig å ta med seg tilbake til Norge. Dette er det vi opplevde i Norge for 150 år siden.

Attila prøver å få lokale bønder til å drive økologisk. Alle er negative, men han er overbevist om at dette er det rette. Kvalitet er bedre enn kvantitet. En bonde i dalen har 40 kyr, bruker kunstgjødsel og lager «dårlig» ost som koster 50 lei. Attilas ost koster 25 lei. Dobbel kilopris og dobbelt så mye arbeid, hva er best?

Attila snakket om eplepressing. Det er mye epler i dalen. For ett år siden fekk han og Reka en eplepresse fra England. Snakket videre om sitt osteprojekt. Tanken bak dette er at lokale bønder skal levere melk der, slik at den kan foredles til ost. Han er imot at gårder blir kjøpt opp og slått sammen til et bruk, og produserer mye ost med få involverte. Med dette prosjektet er det det mulig at flere kan produsere ost, og dermed spre både inntekt og kunnskap til småskalaprodusentene. Dette er ost som da vil selges lokalt. Jul er en viktig høytid da slik ost er viktig som en del av mattradisjonene. Et viktig punkt for Attila er at turister ikke må «overta» dalen. De ønsker ikke å bli en turistattraksjon. Han ønsker at de som kommer skal delta i arbeidet (slik som vi gjorde) og de må ikke være for mange.

Korrupsjon er et stort problem i dalen, og Romania for øvrig.

Vi avsluttet oppholdet med taler og gaver til Attila og Reka. Attila var med til sagbruket, men vi fikk ikke lov til å komme inn av sagbrukssjefen. Vi tok farvel. Neste mål var Brasov, med en liten tur innom Lobogò Panzò for å hente passet til Ellen.

Da vi kom til hovedveien og byen Miercurea-Ciuc/Csikszereda var landskapet preget av kornåkre. I det fjerne lå den Sør-Karpatane. Vi passerte en kjent spaby; Tusvad. Kjent og populær på grunn av mineralrikt vann. Da vi nådde Brasov, var det to timer med vandring på egenhånd i gamlebyen.



16.30 reiste vi til dagens mål Magura. Turen tok 1,5 timer. Vi kjørte gjennom flere mindre saksiske småbyer, videre opp i fjellene på veier som Per Øystein kalte «trollstiveier». Flott alpelandskap med fine dyrka marker og høye fjell opp mot 2000 meter som nærmeste nabo. Vi innkvarterte oss på Villa Hermani, ca 1000 moh. Middag på kvelden.

Figur 37:

Øvst til høyre: Brasov, ein by med blanding av tradisjonell sjarv og byliv. Her åt vi lunsj og det var mange restaurantar å velja mellom. Foto: Marie Pettersson

Nedst til venstre: Magura. Den store, kvite bygninga er Villa Hermani der vi budde. Foto: Marie Pettersson

Nedst til høyre: Sauer på beite. I bakgrunn ser vi kyrkja i Magura. Foto: Jan-Arve Lund



Dag 8: Fredag 19. august, Vandring i Magura med omland

Referent: Christian Zurbuchen og Marie Pettersson

Før frukost var det fleire av oss som var oppe for å fanga soloppgangen. Det var ikkje nokon organisert tur, men folk gjekk ut ved ulikt tidspunkt og rusla dit dei ønska.

På den organiserte delen av dagen hadde vi to val. Enten kunne ein vera med Per Øystein på ein rusletur gjennom bygda, eller ein kunne følgja med Karcsi på ein kløft- og topptur i Piatra Craiului massivet. Alle, unnateke to (les deira referat sist på denne dagen), vart med på rusletur i bygda. Vi følgde vegen forbi kyrkja og den nedlagde butikken. Undervegs tok vi opp aktuelle tema. Nokre av diskusjonane var:



Figur 38: Den gamle butikken som no står til nedfalls. Foto: Christian Zurbuchen

Nedlagt butikk til forfall. Ikkje langt frå kyrkja står det eit funksjonelt bygg som tydelegvis har vore utsett for hærverk og som er i ferd med å forfalla. Bygningen er funksjonelt bygd (flate golv, store vindauge) og kunne lett vert bygd om til t.d. felles foredlingslokale. Verten på Villa Hermani (hotellet vårt) opplyste at det i si tid var butikk, men at det no var leigd vekk med ein langtidskontrakt samstundes som eigedomstilhøva for tomta ikkje var avklara. Nok eit døme på korleis uklare tilhøve etter eit systemskifte skapar problem for utviklinga i eit lokalsamfunn.

Bar. Vi gjekk forbi eit bygg som låg i skråninga over vegen. På framsida var ein stor veranda. Det var visst baren i bygda! Nokre var seinare innom den. Ikkje for å ta seg ein øl, men for å handla. Den fungerte nemlig også som butikk med sal av m.a. brus, snop, grønnsaker og toalettartiklar. Inne satt eit par menn og drakk, deltakarane var elles skeptiske om verandaen tolde ein alt for vill fest.

Minnetavla om verdskrigane. Langs vegen gjekk vi forbi ei minnetavle om verdskrigane. Ut ifrå tal namn må vi tru at det var mange frå bygda som måtte ofra livet. Det er i tilfelle ein skjebne som Magura deler med mange andre plassar.



Figur 39: Her ligg baren i bygda som også fungerer som butikk. Foto: Christian Zurbuchen

Pil. Mange stader langs vegane og i grensene mellom ulike kulturmarker voks det pil. Påfallande mange såg ut for å vera styva og at styvinga var av ny dato. Vi fann seinare ut at lauvet truleg vart gjeve til dyra medan kvisten vart brukt som brenneved. Ved å ha tynne kvistar kan ein lettare regulere varmen på elden utan att ein måtte bruke småved.



Figur 40: Pil såg ut å vera ein mykje brukt tresort i Magura. Her har dei brukt levande pilar til gjerdestolpar. Foto: Marie Pettersson

Pil vart òg planta og brukt til (levande) gjerdestolpar.

Nytteplanter var dagens botaniske tema. Det var i høvet omtala tre planter:


Mynter - er vanlege i Transilvania. Den Kristina synt fram var ein *Menhta longifolia*.

Timian – vi har sett fleire ulike typar på reisa vår. Den som vi såg her hadde runde blad og var ikkje hårete, dvs. at det var ein bakketimian.

Salvia – er vanleg førekomande.

Komplett gard. Vi gjekk i eit levande landskap og det var artig å sjå på alle strukturar til ein tradisjonell gard. Den garden vi kom til å diskutera var ein

veglaus gard i ei skråning på den motsette dalsida. Vi kunne sjå stien som gjekk ned til tunet. Klesvasken hang til tørt. Taket på bustadhuset var av spån, og ein kunne tydeleg sjå at nokre spånplatar var skifta ut. Høyet til vinteren var stabla i store høystakkar bak fjøset. Nokre såter stod framleis på eit slåtteareal. Grønsakhagen var gjerda inn. Frukttree sto spreidde under huset... berre for å nemna noko.



Figur 41: Ein av dei veglause gardane i Magura. Studerar ein biletet ser ein mange interessante kulturlandskapselement som tyder på aktiv drift. Foto: Marie Pettersson

Besøk hjå familien Jinga.

Høgdepunktet for mange denne dagen var besøket hjå familien Jinga. Per Øystein har tidlegare besøkt familien, og på ein av turane hjelpte dei familien å berga inn høyet. Ved tidlegare besøk har dottera Andrea vore heime, det er ho som snakkar litt engelsk. Denne dagen var ho i Brasov der



Figur 42:

Øvst til venstre: Heile gjengen hjå familien Jinga. Foto: Leif Hauge

Øvst i midten.: Ei av kyrne til familien. Under er Sabina Jinga og hunden. Foto: Marie Pettersson

Øvst til høgre: Familien Jinga. Frå venstre er oldefar Moise Blaj, dottera hans Elina Jinga og mannen hennar Nelu Jinga. I tillegg er det tvillingane Tudor og Darius Jinga. Foto: Marie Pettersson

Nedst til venstre: familien hadde eit esel. Foto: Marie Pettersson

Nedst i midten: Moise Blaj i fin-hatten som høyrer til folkedrakta. Foto: Marie Pettersson

Nedst til høgre: Sabina vart veldig glad for teiknesakene ho fekk av Ellen og måtte prøva dei med ein gong. Foto: Marie Pettersson



Figur 43: Det var mange bygningar på garden til familien Jinga.

Øvst til venstre: Det var to bustadhus på garden. Det eine var ein kombinasjon av bustadhus og løe. Bustaddelen låg i første etasje og løa i andre (ein ser høyet i vindauga). På biletet under ser ein det same huset på oppsida. Her ser det meir ut som ei løe.

Øvst i midten: Fjosen utvendig. På biletet under ser ein båsan inne i fjosen og korleis ein har strødd med lauv.

Øvst til høgre: Eit lite grønt hus. Veggane er dekkja med spon som kan minne litt på utforma spon som finst på nokre av dei norske stavkyrkjene.

Nedst til venstre: Reiskap oppbevart på vegg til ein av bygningane.

Nedst i midten: Det andre bustadhuset.

Nedst til høgre: Kjøkenhagen

Foto: Jan-Arve Lund og Marie Pettersson

ho har sommarjobb på eit museum, men familien helsa oss hjarteleg velkomne likevel.

På garden var:

Oldefar Moise Blaj. Han var fødd i 1927, men ingen kunne tru at denne mannen var nesten 90 år. Han var vital, stødig på handa og trengte ikkje briller. Sjølv sa han (med atterhald om feiltolking ettersom vi ikkje hadde noko felles språk): at etter eit hardt arbeid ute i markene tok han ein «palenka»/Tuica (heimebrent alkohol av plomme eller annan heimleg frukt. Ein tek gjerne ein dram til maten. Sjølvsagt vart vi bydd ein dram når vi vitja garden deira også).

Elena Jinga er dottera til Moise og gift med Nelu Jinga. Dei tok hand om barnebarna Sabina Jinga (6 år) og tvillingane Tudor og Darius Jinga (8 månader) medan foreldra til barna jobba i Tyskland. Familietilhøvet er nokså typisk for mange rumenske familiar. Mor og far jobbar i utlandet for å tena pengar, mens ungane veks opp hjå bestforeldra. I dette høve var det nokså uproblematisk, sidan bestforeldra (og oldefar) var svært spreke. Men av og til kan det vera problematisk at ungane må vekse opp hjå svært gamle bestforeldre, ikkje minst kan det vera ei utfordring i pubertetsalderen.

Familien Jinga har ein liten gard med 2-3 griser, 5 kyr, 1 esel, 20 sauer og kring 30 høner. Kjøkenhagen ligg i skråninga over huset. Det er både beitemark og slåttemark rundt huset.

Fjøsen ligg også oppe i skråninga. Ein strør med lauv under dyra. Det er berre ei dør til fjøsen og den vart brukt både til å ta dyra inn og ut, og ein fjerna gjødsla gjennom same dør og la det rett utanfor til mellombels lagring.

Mange i Romania lagrar høyet i høystakkar, og frå familien Jinga fekk vi opplyst at 1 stakk rakk ein månad ved føring av tre kyr. Nelu Jinga prøvde

også å forklara korleis dei lagar høystakkar. Han viste fram det han kallar ein «Prepeleac». Slik vi skjønnte det var det ein del av konstruksjonen til høystakken.



Figur 44: Nelu Jinga visar det han kallar "prepeleac" og som er ein del av konstruksjonen til høystakken. Foto: Christian Zurbuchen.

Oldefar inviterte oss inn i huset. Han ville visa oss ei samling med dyrebjøller som han hadde inne i spiskammeret. Det var bjøller til både kyr og sauer i ulike storleikar og fasongar, slik at kvar bjølle hadde si eiga klang. Ved å invitera oss inn fekk vi og eit innblikk korleis dei oppbevarte mat. Det stod mellom anna glass med hermetiserte kantarellar i spiskammeret og på kjøkkenet var kjøtt/bacon oppbevart i ein glaskrukke med feitt (smolt) Dette er ein metode som ein har gått heilt vekk frå i Norge.

I stova viste oldefaren opp findressen sin. Det var ein tradisjonell folkedrakt for menn. Skjorta hadde mor hans laga i 1942. Ho hadde sete oppe og brodert den i ljuset av ei lampe medan han sov (igjen atterhald av mistyding av språket). Det var ei velgjord skjorte der baksida av broderiet var nesten like fin som framsida. Buksa var og handsydd. Stoffet minna om kvit vadsmål. Til dette hørde eit breitt lærbelte som var rikt utsmykka og som og hadde ei lomme til pengar. Ein hatt hørde også med til drakta.

Då vi var tilbake nede på vegen så vart vi møtt av brødvogna. Brødet vart baka i Brasov og så frakta til Magura. Det var ein mann som køyrde rundt med hest og vogn og selde brødet til bøndene.

Vi fekk eit omfattande innblikk i eit rumensk gardsbruk. Å oppleve so konkret og nært korleis ein familie prøver å skaffa seg eit levebrød, vil truleg ingen av deltakarane gløyme. Utan tvil var dette besøket eit av dei store høgdepunkta på turen.

Etter gardsbesøket var det fritt program fram til lunsj. Mange drog vidare oppover i bakkane for å sjå på slåtte- og beitelandskapet. I tillegg til slåtteaktivitetar var det nokre som såg restane etter eit styva almetre (elles såg vi jo berre styva seljer). Dei som gjekk lengst nådde eit utsiktspunkt der ein fekk flott utsyn både mot Magura og Zarnesti. På vegen attende kom torebyer stadig nærmare. Dei fleste rakk akkurat til Villa Hermani før det byrja å regna for alvor.



Figur 45: Ellen framfor det styva almetreet. Foto: Christian Zurbuchen

Zarnestikløfta

Etter lunsjen (og regnskura) køyrde vi ned til Zarnestikløfta/juven i Piatra Craiului massivet. Det er eit spesielt landskap. Gjelet er djupt og omkransa av høge fjellklipper. Området er kjent for sin flora og fuglefauna. Til dømes kan ein sjå fugelen murkryparen *Tichodroma muraria*. Vi var ikkje heldige å sjå den, men alpeseileren var der. Av planter såg vi mellom anna karpatklokke og *Digitalis lutea*, ei gul røvebjelle. Nokon såg også ein gemse.

Vi gjekk på ein grusveg lengst ned i kløfta. Vegen var tilrettelagd og mot elva var den godt oppmurt. Elvefaret var spesielt. Når vi kom gjekk vatnet under bakken, slik at elvefaret såg tørt ut, men etter torebyene tidlegare på dagen kom vatnet til syne. Vi var heldige å sjå korleis det sakte kom og dekkja botnen på elvefaret.



Figur 46: Regnvatnet kjem til syne i det til vanleg turre elvefaret. Foto: Marie Pettersson

Juven såg også ut å vera eit populært klatreområde. Langs heile vegen var det tilrettelagde og merka ruter for fjellklatrarar. Denne aktiviteten kan koma i konflikt med m.a. leveområde til nokre fugleartar.

Kvelden vart avslutta med ein film frå BBC: *Transylvania – living with predators*.



Figur 47: Høge klippvegger omkransar vegen som går nede i juven. Foto: Marie Pettersson

Referat frå fjelltur fredag 19 august


Tove Mostrøm og Roy Dyrkolbotn

Sjåføren vår Karcsi var ein sprek fyr som lika svært godt å gå til fjells. Denne fredagen var Tove og Roy så heldige å få vera med han på ein guida tur oppover i fjellet. Dagen starta med frokost og nistesmøring på hotellet. Klokka 9.00 kjørde me frå Villa Hermani ned til Zarnesti kløfta som ligg på om lag 800moh. Været var varmt med sol.

Starten av turen gjekk på skogsvei. Stupbratte høge fjellsider på begge sider. Etter om lag 1,5 km gjekk veien over til sti, og me følgde merka løypa oppover til ei flott turisthytta som ligg om lag 1400 moh. Her fekk me fylla opp drikkeflaskene våre frå ein tillaga tømmerstokk med rennande vatn.

Turen gjekk vidare oppover og gåing gjekk etter kvart over til klatring, og me klauv oss oppover dei stupbratte fjellsidene ved hjelp av stålvire som var bolta fast i fjellet. Me fekk etter kvart ei fantastisk utsikt over store områder. Utruleg stor forskjell på vegetasjonen her og heima, stor høg skog så høgt oppe, og me har aldri opplevd å plukke bringebær på over 1600 moh.

Me såg ei fjellgeit på turen, og då me passerte 2000 moh byrja me å sjå etter plantar til Kristina. Då me nærma oss toppen som heiter Asculitt og som ligg på 2150moh, byrja det å skya til og tordna kraftig. Dette gjorde til at me måtte skunda oss. På grunn av det truande været, måtte me nyta den fantastiska utsikta berre ei kort stund før me skunda oss nedover liane. Me passerte ei redningshytta før me småsprang nedover ei steinur, og kom oss inn i skogen før regnet kom. Resten av turen var rask gange til bussen. Turen tok om lag 3,5 timar opp og 2 timar ned, og var om lag 17 km lang.



Figur 48: Øvst til venstre: Tove plukkar planter til botanikarane. Nedst til venstre: Roy og Karcsi ser ut over landskapet. Høgre: Tove passar på å smaka på bringebæra som veks på 1650 meters høgde.

Dag 9: Laurdag 20. august, Magura - Sibiu

Referent: Tove Mostrøm, Roy Dyrkolbotn og Christian Zurbuchen

Vi pakka før frokosten og kom i veg i 9-tida. Vi køyrde ned frå fjellplatået og ned i dalen, gjennom Zarnesti og tok so ein snarveg (73A) via ein dal med mykje skog før vi kom via Sinca Nuoia, Sinca Veche, Vad og Sercai inn på hovudvegen mellom Brasov og Sibiu (E68).

I det flate landet som vi køyrde gjennom her, var det etablert ein del større bruk og mekaniseringa bar preg av det. Vi tok ein kort stopp ved eit kjøpesenter (Kaufland) ved byen Fagaras. So køyrde vi vidare på nordsida Sørkarpatane som vi såg eit stykke unna, med m.a. Fagaras-fjella med det høgaste fjellpasset i Romania (Transfăgărășan, 2042 moh.).

Under bussreisa nytta vi tida til nettverksmøte. Ellen og Dordi fortalte om stoda til det norske prosjektet «Utvalte naturtypar – slåttemark». Ellen informerte oss om stoda for dei utvalte engene. Det er i dag 600 enger som er utvalde. Dei vil sjå på erfaringar for å finna vegen vidare. Det er også ynskje å jobba for å få fleir enger. Dordi fortalde om handlingsplanane. Der er det diskusjon om at ein på sikt skal ta omsyn til slått utført med ljå og produksjon av høy til dyr. Foredraget engasjerte deltakarane og enda med ein diskusjon kring temaet.

Når vi kom til Sibiu, køyrde vi rett ut til ASTRA-friluftsmuseet i Dumbrava – skogen (same område som den zoologiske hagen), 8 km sør for byen.

ASTRA-friluftsmuseet:

Det noverande friluftsmuseet vart opna i 1963 som "Museum for rural teknikk" (og var del av Bruckental-museet). Musea vart so omorganisert etter 1990 og ASTRA-museet omfattar no 4 avdelingar og ei filmavdeling. Friluftsmuseet med sine 960 da og over 400 bygningar utgjer hovudparten

av dette museumskomplekset. Museet er også det største friluftsmuseet i Europa og truleg også eit av dei største i heile verda.



Figur 49: Museet hadde mange ulike typar hus, bygningar og tun frå ulike regioner i frå først og fremst Transilvania. Til mange bygningar var det hage og bed. Foto: Jan-Arve Lund

Her venta den engelsktalande guiden Adrian Sicelanu oss. Vi vart teke i mot som spesielle gjester, med utgangspunkt i at Innovasjon Norge hadde bidrege med 3-4 mio € til opprustinga og utvidinga av museet, noko som m.a. kom fram i ei særutstilling i det nye inngangspartiet, der det m.a. var ei utstilling med delvis norsk tekst.

Etter ein kort innføring slo vi oss ned for å spise vår medbragte lunsj, og vart også helst velkomen av sjølve museumsdirektøren.

Informasjon om Astra Museet (på ulike språk) finn du her:

<http://www.muzeulastra.ro>. Dette museumkomplekset omfattar i dag 4 ulike museum og er den viktigaste ethnomuseale institusjonen i Romania. Det er resultat av ei rekkje initiativ og prosessar over mange år. For å unngå

feiltolkingar, so siterar referenten her direkte frå museet si heimeside:

<http://www.muzeulastra.ro/pdf/cnm%20ASTRA%20en%20-%20ASTRA%20NATIONAL%20MUSEUM%20COMPLEX.pdf>

”It was created under the auspices of the Transylvanian Association for Romanian Literature and Culture of the Romanian People – which was an institution founded in 1861. The `ASTRA` Museum – formerly known as the Association Museum - opened its first exhibition on the 19th of August, 1905. The museum was founded out of the Transylvanian people`s desire to define their own ethno-cultural identity within the Austro-Hungarian Empire multiculturalism and having as background the cultural emancipation of all peoples from the centre and south-east of Europe. Reorganized under this structure after 1990, the `ASTRA` National Museum Complex has four museum units of ethnographic profile in its structure and a department of anthropological documentary film which are sustained by the following departments: the Conservation and Restoration Department, the Educational Department, the Cultural Marketing Department, the Tourist Information Centre, the `Astra Museum` Publishing House and the Project Management Department.

The most important museum unit is THE `ASTRA` MUSEUM OF TRADITIONAL FOLK CIVILIZATION – or THE OPEN AIR MUSEUM. Situated in the natural reservation of Dumbrava Sibiului, on the road to Rasinari village and to Paltinis ski resort, 8 kilometers away from the city centre, the Open Air Museum spreads across a 96 ha area of which an area of 40 ha is covered by the permanent exhibition which is the largest open air ethnographic exhibition in Europe. Inaugurated in 1963 under the name of the Museum of Folk Technics, the museum currently has over 400 monuments of folk architecture and technique as well as an impressive collection of ethnographic heritage objects. The collection of mills, the wooden churches, and the traditional homesteads are very popular and very much appreciated.

The museum is divided in 6 thematic sectors, 36 thematic groups and subgroups.

Museet har også eit eiga virtuelt tidsskrift: <http://www.muzeulastra.com>



Figur 50: Museet var flink til å syna fram handboren kunnskap. Handverkarane bygde opp ein kopi av eit av husa og inviterte publikum til å sjå dei ulike prosessane og teknikkane dei brukte. Til venstre: Får vi ein innblikk i korleis ein laga spon til taket. Øvst til høgre: Ein smakebit på korleis ein laga eit tradisjonelt gjerde. Nedst til høgre: Her ser vi kopien av huset dei byggjer. Dette huset er til sals. Foto: Marie Pettersson



Figur 51:

Foto frå museet.

Foto:
Jan-Arve Lund,
Leif Hauge,
Tove Mostrøm og
Marie Pettersson



Figur 52: Kulturlandskapselement på museet. Foto: Marie Pettersson

Etter lunsjen og orienteringa, guida Adrian Sicelanu oss gjennom nokre få av dei mange tun/hus. Vi rakk dessverre ikkje å gå rundt i heile museet, men fekk likevel eit svært godt inntrykk og besøket ga meirsmak på å oppsøkje dette museet også ein annan gong.

Frå å vere eit regionalt museum for Transilvania i starten, tek museet no sikte på å representere heile Romania.

Sibiu

Etter museumsbesøket tok me inn på Ibis Hotel Sibiu. Me fekk tid til ein liten runde i Sibiu før me alle møttest på restaurant Crama Sibiana for siste fellesmiddag på turen. Me fekk Gulasj til forret, pepperbiff til hovudrett og kake til dessert.

Per Øystein holdt ein liten avskjedstale, det same gjorde fleire av deltagarane.

Ein flott avslutningsmiddag på ein fantastisk tur.

Det underteikna vart skuffa over, er at den historiske trikken som inntil få år sidan band museet til Sibiu ser ut til å vere nedlagt. Trikken var eit samband mellom jarnbanestasjonen i Sibiu og den zoologiske hagen, friluftsmuseet og hadde sin endestasjon i gjeter- og harpikssamlarlandsbyen Răsinari. Skinnegangen og strømledinga såg no ut til å vere i svært dårleg tilstand og i ferd med å gro att.

Dei siste 6 bilete i denne linken gjev eit inntrykk av bana:

<http://www.gudrungudrun.de/adventskalender2011/2011ines.htm>



Figur 53: Ved middagsbordet den siste kvelden. Foto: Leif Hauge

Sluttord

For dei fleste gjekk flyet tilbake til Noreg tidelig søndags morgon.

Deltakarane reiste heim med mange inntrykk og mykje lærdom. Ut ifrå eigne inntrykk og gjennom samtale med dei andre deltakarane var alle meir enn fornøgde med turen. Vi fekk oppleva så mykje meir enn kva vi hadde håpa på. Mykje av den æra vil vi gje til reiseleiaren vår Per Øystein Klunderud!

Han har i utgangspunkt mange overlappende interesse med det som Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap jobbar med, og hadde såleis ein god forståing for våre ønskemål og kunne sy saman eit godt tilpassa program til oss.

Per Øystein har vore mange gonger i Romania dei siste åra og skaffa seg god kunnskap om landet og etablert eit godt kontaktnett. Dette delte han raust med oss. Vi fekk bli kjende med vennene hans og sjå korleis dei levde, korleis dei jobba, kva dei strevde med i kvardagen og kva dei gjorde for å ta vara på kulturlandskapet. Dei delte også tankane sine om framtida med oss. Vi fekk så å seia sjå det rumenske jordbruket frå innsida frå ulike vinklar og på den måten bli kjent med eit Romania som vi vanskeleg hadde klart på eige hand.

Programmet for dagane var ofte lange og vi fekk oppleva mykje, men det var aldri noko stress. Medan vi var «i felt» var det i stort sett alltid rom for den enkelte deltakaren å fordjupa seg i sine særinteresser. Det er også godt at, uansett situasjon, bli møtt med eit smil og haldninga om at det er mogeleg å ordna alt.

Med på heile turen var også bussjåføren Karsci. Uansett situasjon møtte han oss med eit smil og var hjelpsam. Han var vel eigentleg meir enn ein bussjåfør, heller ein del av gruppa, for kven har høyrte om ein bussjåfør som også er tolk, lagar mat, er med på slått, er turguide ... berre for å nemna litt.

Ein tur er også avhengig av reisefølgjet og vi vil også takke alle deltakarane som var med å gjera denne reisa til ei positiv og fantastisk minneverdig oppleving. Alle har medverka til å «trekka sitt strå til stakken» ved å vera interesserte, blide, inkluderande, lyttande, rause og positive. Alle har også auka opplevinga til medreisande ved å dela med seg av sine kunnskapar og erfaringar.

Så takk til reiseleiar, sjåfør og alle som tok imot oss med opne armar i Romania. Takk til alle medreisande. Vi håpar og trur at alle vil minnst denne reisa med glede og kan ta med seg kunnskap og erfaring frå turen inn i det viktige arbeidet sitt med kulturlandskap her i Noreg.

Med helsing


Marie Pettersson og Leif Hauge
Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap



Figur 54: Magura. Foto: Leif Hauge

Vedlegg 1: Artsliste fra Transsylvania august 2016

| Viscri-engene | 13.-14.08.2016 |
|-------------------------------|------------------------------|
| <i>Campanula cervicaria</i> | stavklokke |
| <i>Campanula rotundifolia</i> | blåklokke |
| <i>Centaurea jacea</i> | engknoppurt |
| <i>Centaurea stoebe</i> | greinknoppurt |
| <i>Centaureum erythraea</i> | (lik vår tusengylden) |
| <i>Cerinth minor</i> | småvoksurt |
| <i>Clinopodium vulgare</i> | kransmynte |
| <i>Erigeron annuus</i> | trådstjerne |
| <i>Eryngium campestre</i> | (art av stikle) |
| <i>Fragaria vesca</i> | markjordbær |
| <i>Knautia arvensis</i> | rødknapp |
| <i>Lotus corniculatus</i> | tiriltunge |
| <i>Plantago lanceolata</i> | smalkjempe |
| <i>Plantago media</i> | dunkjempe |
| <i>Prunella grandiflora</i> | storblåkoll |
| <i>Ranunculus acris</i> | engsoleie |
| <i>Rhinanthus minor</i> | småengkall |
| <i>Salvia verticillata</i> | kranssalvie |
| <i>Securigera varia</i> | kronvikke |
| <i>Senecio jacobaea</i> | landøyda |
| <i>Stipa sp.</i> | (art av fjærgras) |
| <i>Telekia speciosa</i> | tusenstråle |
| | tidl: <i>Coronilla varia</i> |
| Gyimes-passet | 15.08.2016 |
| <i>Astrantia major</i> | stjerneskjerm |
| <i>Bupleurum falcatum</i> | (gul sped skjermplante) |
| <i>Campanula persicifolia</i> | fagerklokke |



Botanikarane Kristina Bjureke og Ellen Svalheim studerer planter i slåtterenger i Romania. Foto: Marie Petterson

| | |
|--------------------------------|-------------------|
| <i>Carlina acaulis</i> | sølvstistel |
| <i>Cirsium erisithales</i> | |
| <i>Echium vulgare</i> | ormehode |
| <i>Ferulago sylvatica</i> | |
| <i>Gentiana cruciata</i> | |
| <i>Helleborus purpurascens</i> | (en julerose) |
| <i>Salvia verticillata</i> | kranssalvie |
| <i>Smyrniun perfoliatum</i> | vingekjeks |
| Aldomas, Attila's enger | 16.08.2016 |
| <i>Caltha palustris</i> | bekkeblom |
| <i>Carlina acaulis</i> | sølvstistel |
| <i>Carlina vulgaris</i> | stjernetistel |
| <i>Colchicum autumnale</i> | tidløs |
| <i>Daucus carota carota</i> | villgulrot |
| <i>Epipactis helleborine</i> | breiflangre |
| <i>Galium verum</i> | gulmaure |
| <i>Lathyrus vernus</i> | våserterknapp |
| <i>Mentha longifolia</i> | gråmynte |
| <i>Odontites vulgaris</i> | engrødtopp |
| <i>Origanum vulgare</i> | bergmynte |
| <i>Plantago lanceolata</i> | smalkjempe |
| <i>Plantago media</i> | dunkjempe |
| <i>Prunella grandiflora</i> | storblåkoll |
| <i>Salvia transsilvanica</i> | (endemisk salvie) |
| <i>Salvia verticillata</i> | kranssalvie |
| <i>Telekia speciosa</i> | tusenstråle |
| <i>Veratrum album</i> | hvit nyserot |



Øvst: Fargeginst (*Genista tinctoria*) Nedst: Jåblom (*Parnassia palustris*) Foto: Kristina Bjureke

| Orodik, Attila's slåttemarker | 17.08.2016 |
|----------------------------------|------------------------|
| <i>Antennaria dioica</i> | kattefot |
| <i>Bothrychium lunaria</i> | marinøkkel |
| <i>Briza media</i> | hjertergras |
| <i>Campanula rotundifolia</i> | blåklokke |
| <i>Carlina acaulis</i> | sølvstistel |
| <i>Cirsium erisithales</i> | |
| <i>Colchicum autumnale</i> | tidløs |
| <i>Festuca rubra</i> | rødsvingel |
| <i>Fragaria vesca</i> | markjordbær |
| <i>Galium verum</i> | gulmaure |
| <i>Genista tinctoria</i> | fargeginst |
| <i>Helianthemum nummularium</i> | solrose |
| <i>Pilosella officinarum</i> | hårsveve |
| <i>Hypericum elegans</i> | (art av perikum) |
| <i>Juniperus communis</i> | einer |
| <i>Linum catharticum</i> | vill-lin |
| <i>Nardus stricta</i> | finnskjegg |
| <i>Onobrychis viciifolia</i> | esparsett |
| <i>Origanum vulgare</i> | bergmynte |
| <i>Plantago lanceolata</i> | smalkjempe |
| <i>Plantago media</i> | dunkjempe |
| <i>Polygonatum verticillatum</i> | kranskonvall |
| <i>Prunella grandiflora</i> | storblåkoll |
| <i>Prunus spinosa</i> | slåpetorn |
| <i>Rhinanthes minor</i> | småengkall |
| <i>Scorzonera rosea</i> | (en art av griseblad) |
| <i>Tragopogon orientalis</i> | (en art av geitskjegg) |
| <i>Trifolium montanum</i> | bakkekløver |
| <i>Viola canina</i> | engfiol |

tidl: Hieracium pilosella



Kristina og Ellen artsbestemmer nokre av plantene dei har funne.
Foto: Marie Pettersson

| | |
|------------------------------------|-------------------------|
| <i>Viola tricolor</i> | stemorblom |
| Magura, engene og veikanter | 19.08.2016 |
| <i>Acer pseudoplatanus</i> | platanlønn |
| <i>Achillea millefolium</i> | bakkeryllik |
| <i>Arenaria serpyllifolia</i> | sandarve |
| <i>Briza media</i> | hjertergras |
| <i>Bupleurum falcatum</i> | (gul sped skjermplante) |
| <i>Campanula patula</i> | engklokke |
| <i>Campanula rapunculooides</i> | ugrasklokke |
| <i>Carlina acaulis</i> | sølvstistel |
| <i>Centaurea scabiosa</i> | fagerknoppurt |
| <i>Centaurea stoebe</i> | greinknoppurt |
| <i>Centaureum erythraea</i> | (lik vår tusengylden) |
| <i>Chenopodium bonus-henricus</i> | stolt henrik |
| <i>Cichorium intybus</i> | sikori |
| <i>Cirsium pannonicum</i> | |
| <i>Convolvulus arvensis</i> | åkervindel |
| <i>Cota tinctoria</i> | gul gåseblom |
| <i>Cuscuta europaea</i> | snyltetråd |
| <i>Cynosurus cristatus</i> | kamgras |
| <i>Daucus carota carota</i> | villgulrot |
| <i>Echinochloa crus-galli</i> | hønsesirise |
| <i>Echium vulgare</i> | ormehode |
| <i>Epipactis palustris</i> | myrflangre |
| <i>Equisetum arvense</i> | åkersnelle |
| <i>Erigeron annuus</i> | trådstjerne |
| <i>Euphorbia glareosa</i> | (art av vortemelk) |
| <i>Fragaria vesca</i> | markjordbær |
| <i>Fragaria viridis</i> | nakkebær |



Salvia transsilvanica (endemisk salvie) Foto: Kristina

| | | |
|-----------------------------------|-------------------------|-------------------------------|
| <i>Geranium pratense</i> | engstorkenebb | |
| <i>Impatiens glandulifera</i> | kjempespringfrø | |
| <i>Knautia arvensis</i> | rødknapp | |
| <i>Lamium album</i> | dauvnesle | |
| <i>Leucanthemum vulgare</i> | prestekrage | |
| <i>Lychnis flos-cuculi</i> | hanekam | |
| <i>Mentha longifolia</i> | gråmynte | |
| <i>Omalotheca sylvatica</i> | skoggråurt | |
| <i>Parnassia palustris</i> | jåblom | |
| <i>Polygala vulgaris</i> | blåfjær | |
| <i>Prunella vulgaris</i> | blåkoll | |
| <i>Ranunculus acris</i> | engsoleie | |
| <i>Rorippa palustris</i> | brønnkarse | |
| <i>Salvia verticillata</i> | kranssalvie | |
| <i>Sambucus racemosa</i> | rødhyll | |
| <i>Scabiosa columbaria</i> | bakkeknapp | |
| <i>Symphytum officinale</i> | valurt | |
| <i>Teucrium chamaedrys</i> | (art i firtannslekta) | |
| <i>Thymus pulegioides</i> | bakketimian | |
| <i>Triglochin palustre</i> | myrsauløk | |
| Gorge-vandring i Zarnestik | 19.08.2016 | |
| <i>Arctostaphylos uva-ursi</i> | melbær | |
| <i>Astrantia major</i> | stjerneskjerm | |
| <i>Bupleurum falcatum</i> | (gul sped skjermplante) | |
| <i>Campanula carpatica</i> | karpatklokke | endemisk |
| <i>Circaea lutetiana</i> | stortrollurt | |
| <i>Dianthus callizonus</i> | (art i nellikslekta) | |
| <i>Dianthus spiculifolius</i> | | Fra Tove på toppen av fjellet |
| <i>Digitalis grandiflora</i> | (en gul revebjelle) | |



Kristina fortel om jåblom. Foto: Marie Pettersson

| | | |
|----------------------------------|-------------------------|----------------------------|
| <i>Euphorbia glareosa</i> | (art i vortemelkslekta) | |
| <i>Gentiana asclepiadea</i> | | |
| <i>Hylotelephium vulgare</i> | (art av smørbukk) | |
| <i>Pilosella aurantiaca</i> | rødsveve | tidl:Hieracium aurantiacum |
| <i>Salvia glutinosa</i> | (art av salvie) | |
| <i>Silene nutans</i> | nikkesmelle | |
| <i>Smyrnum perfoliatum</i> | vingekjeks | |
| <i>Solidago virgaurea</i> | gullris | |
| <i>Spiraea chamaedryfolia</i> | Bjarkøyspirea | |
| <i>Stellaria nemorum</i> | skogstjerneblom | |
| <i>Thalictrum aquilegifolium</i> | akeleiefrøstjerne | |



Karpatklokke (*Campanula carpatica*) Foto: Kristina Bjureke

Kristina Bjureke



Mentha longifolia
Foto: Kristina Bjureke



Digitalis grandiflora
Foto: Kristina Bjureke

Vedlegg 2: Artsliste fuglar Foto: Fredrik Calmeyer



Svart-
strupe



Kjøttmeis



Bydue



Tornskate



Mellomspett




Tyrkerdue



Låvesvale



Svartrødstjert



Stillits



Måltrost




Nøttekråke



Taksvale



Gråspurv




Stork



Gransanger



Gjøk



Nøtteskrike



Svarttrost



Flaggspett




Lerkefalk



Småskrikørn



Aftenfalk



Bieter



Hønehauk



Tårnfalk



Musvåk



Ravn



Vedlegg 3: Insekt Foto: Fredrik Calmeyer



1. Engringvinge_ *Coenonympha pamphilus*
2. *Arcyptera fusca* (Markgresshoppe) (han)
3. Admiral_ *Vanessa atalanta*
4. *Maniola lycaon*
5. Vandregulvinge_ *Colias croceus*
6. Klapregresshoppe_ *Psophus stridulus* (Markgresshoppe) (han)
7. Keiserkåpe_ *Argynnis paphia* (han)
8. Perlemorvinge (Boloria)
9. Liten Kålsommerfugl_ *Pieris rapae*
10. Kartvinge_ *Arachnia levana*
11. *Oxythyrea funesta* (gullbasse art)
12. *Maniola lycaon*
13. Liten Kålsommerfugl_ *Pieris rapae*
14. Perlemorvinge (Argynnis)
15. Soldattege_ *Lygaeus equestris*
16. (Ukjendt)
17. Jordgjøkhumle_ *Bombus bohemicus* (han)
18. Steingjøkhumle_ *Bombus rupestris* (han)



Blåvinger (usikkert hvem)



(fra slekten) Orthetrum



Papilio machaon



Argynnis paphia



(ukjendt)




Svalestjert

Keiserkåpe (han)

(Markgresshopper)

(Løvgresshoppe) hunn

Geithamsblomsterflue



Arcyptera fusca



Metrioptera bicolor



Volucella zonata



Jordhumle (antagelig)



Lycaena dispar

Vedlegg 4: Program for turen

Dag til dag program KNoK/Nasjonalt Museumsnettverk for kulturlandskap – Transilvania, fredag 12. – søndag 21. august 2016. Mindre endringer kan forekomme.

Dag 1 – fredag 12. august Fly Oslo – Wien – Sibiu. Buss til Viscri.

Flyet fra Wien med Austrian Airlines, lander i Sibiu kl. 15.15 (klokka skrus én time fram). Vi tar ut noen kontanter på flyplassen på kortautomat.

På flyplassen møter vi vår sjåfør for hele turen, *Sándor Károly* (rumener av ungarsk opprinnelse og med klengenavnet *Karcsi*). Han disponerer en 20-seters minibuss med henger. Under ettermiddag/kveld blir det transport NØ Sibiu – Sighisoara – Saschiz – Viscri, totalt ca. 135 km.

I **Saschiz** blir vi tatt imot av *Cristi Gherghiceanu*, daglig leder av organisasjonen ADEPT. Vi får middag i Saschiz, omvisning på kontoret til ADEPT, samt en kort presentasjon av arbeidet organisasjonen gjør. De driver også en liten turistinformasjon, med salg av litteratur, kart og lokale produkter.

Ved Bunesti tar vi av fra hovedveien og inn på en sjarmerende 8km lang vei som fører oss til **Viscri** (Weisskirch).

Bosted 3 netter hos Mihai & Raluca Grigore – www.viscri125.ro. Innkvartering, etter en lang dag. Frokost serveres her alle dager. Viscri innehar et par små butikker og noen få barer. Mihai, Raluca og 3 barn er på ferie i Norge (!), så våre verter vil være *Ludmila* og *Iuliana*.

Om området, fra Viscri med mer: www.mihaieminescutrust.org

Generell info/linker: www.fundatia-adept.org og www.discoverarnavamare.org

Dag 2 – lørdag 13. august Viscri – Rodes

Lang og hyggelig frokost på terrassen på vårt bosted, fra 08.30.

De mest ivrige har kanskje fått med seg buføring av dyra ut til dagsbeite, tidlig morgen (05.45??). På kvelden får vi med oss når kuer, hester og noen geiter kommer tilbake til landsbyen på kvelden. Det er et tidløst "skuespill" man er vitne til. Dyra og gjeterne kommer hjem fra beite ca. 20.30 – 21.00.

Formiddagen brukes til vandring i Viscri, med Cristi G. som guide. (Cristi har vokst opp i landsbyen, og foreldrene - *Gerda* og *Nico Gherghiceanu* - driver en liten bed & breakfast bedrift. Gerda er viden kjent for sine kokekunster.) Viscri er en av de klassiske saksiske landsbyene, med ca. 500 innbyggere. Etter utflyttingen av sakserne på tidlig 90 tall (de fikk tilbud om tysk statsborgerskap og returnerte til Tyskland!!), er det nå bare igjen ca. 25 personer fra denne folkegruppen. Flertallet av innbyggerne er nå sigøynere – mange er ungarsktalende -, mens de øvrige er rumenere.

Vi besøker også Viscris mest kjente turistmål, den befesta kirka (fortified church). Den er bygd i gotisk stil, er fra det 13. århundre, og fikk kringmur i 1525.

Dagens lunsj får vi i landsbyen **Rodes**, der vi tar for oss av lokal mat under «Haferlandfestivalen». Sjekk <http://www.haferland.ro/en/program/> Det er en saksisk festival som feires i mange av småbyene, på årstiden da mange utflytta saksere kommer på besøk (fra Tyskland). Etter lunsj, og fram til vi drar tilbake til Viscri, bruker vi tiden i Rodes.

Middag på bostedet i Viscri på kvelden.

Dag 3 – søndag 14. august, Viscri – vandring i landskapet

Frokost 08.30. Vandring fra Viscri og ut til 1-2 støler/sauekve:

- **Victor sin støl/sauekve (sheepfold)**, 4-5 km Ø Viscri. Her holder de en flokk med søyer, lam og ettåringer (1 400 i 2010 / 1 100 melkesauer) som melkes 3 ganger om dagen. I 2010 var det også en flokk på 10 hester og 25 esler, som fulgte med sauene. Areal ca. 2100 da.

- **Stelica sheepfold** - ca. 2 km NØ for Viscri. I 2010 hadde dette samarbeidet ca. 1 300 dyr, herav 750 melkesauer, samt ytterligere 550 lam fra samme året og fjoråret. Beitearelet er oppgitt til 2 000 dekar. Se også informasjon om sheepfold på s. 23 og 24 i folder som ble sendt ut per e-post 5. august. Vi tar dagens lunsj på sauestølen, og får med oss representant fra ADEPT under dagen, samt medfølgende hest og vogn.

Middag på bosted. Eventuelt program på kvelden.

Dag 4 – mandag 15. august, Viscri – Miercurea Ciuc - Gyimes

Frokost 08.30 og utsjekking av romma. Sjøfører og buss kommer 09.00, med avreise kl 09.30.

Mulig stopp i Saschiz for besøk i keramikkverksted. Vi legger turen retning **Gyimes**, NØ fra Viscri, ca 4 timers kjøring (170 km) i varierende landskap. Gjennom flere mindre landsbyer – mange med ungarere i majoritet, og gjennom den større byen Miercurea-Ciuc. Stopp ved det høyeste punktet på veien - 1159moh. - for en (botanisk) vandring, før vi på sein ettermiddag ankommer Gyimes. Her vi skal få innblikk i den tradisjonelle drifta i dalen med hjelp fra våre gode venner, ekteparet *Attila Sarig og Reka Simo*, og øvrige ressurspersoner. Vi bor 3 netter i sidedalen **Aldomas**, og blir forlagt på ulike steder nær hverandre. Middag på tunet.

Vi er nå i ungarsktalende Csango-land, i Trotusdalen rett innenfor grensa til regionen Moldavia (øst for Transylvania). ”*Om Csango, fra Wikipedia: The Csango people (Romanian: Ceangăi, Hungarian: Csángók) are a Hungarian ethnographic group of Roman Catholic faith living mostly in the Romanian region of Moldavia, especially in the Bacău County. Their traditional language, Csango, an old Hungarian dialect is still in use, though the larger part of them speak Romanian.*”

Link: <http://poganyhavas.hu/main.php>

Dag 5 – tirsdag 16. august. Aldomas valley

Attila Sarig og Reka Simo vil legge opp programmet for dagen. Etter frokost, og med medbrakt lunsj, vandrer vi først opp til nærstølen – Attilas familie har 5 kuer -, der vi lager ost over åpen varme. Vi får også innblikk i Attilas visjoner for et undervisningsbygg – en nabogård de har kjøpt opp. Lunsj ved basen i Aldomas.

På ettermiddagen (jeg sakser fra e-post fra Attila): “After lunch we go to the blacksmith for the horse shoe making, and after that we go to see a family who makes the traditional costumes for the Csango peoples from Gyimes valley!” Middag på kvelden.

Dag 6 - onsdag 17. august. Slåtteeenger i fjellet.

Fremdeles under Attila og Reka sine vinger, legger vi turen til de høyest beliggende slåtteeengene i drift i dalen, i området **Orodik**. Attila skriver: “Second day we go up to Orodik and there we will mowe, cut some hay for 1-2 hours, after that we will make some haystacks and then we will pull down the haystack with a horse. And lunch of course up in the meadow!” - Ettermiddag/kveld i Aldomas. Ny middag på tunet.

Dag 7 – torsdag 18. august. Gyimes – Brasov - Magura.

Vi pakker sammen, og forlater Aldomas. Mulig besøk til det lokale museet – *Gyimesi Házimúzeum* – før vi legger kursen SØ. Vi stopper underveis i den største av de saksiske byene, **Brasov (Kronstadt)** på tysk. Her tar vi en god stopp, med tid for byvandring, shopping og individuell lunsj.

Målet for dagen er den lille rumenske landsbyen **Magura**, beliggende ca 1000moh. i fjellene i nasjonalparken Piatra Craiului, utenfor Brasov. Ca 3 t kjøring til Brasov og ytterligere en time til Magura. Innkvartering på **Villa Hermani**. Stedet drives av *Hermann og Katharina Kurmes*, med firmaet *Carpathian Nature Tours* som merkevare. Link: www.cntours.eu.

Har vi tid på sein ettermiddag, stopper vi for en vandring i **Zarnestikløften**. Et kjent sted for fuglekikkere, en spennende flora og et spesielt landskap. Middag på Villa H. på kvelden.

Dag 8 – fredag 19. august. Vandring Magura med omland.

Frokost på bosted. Vi får evt. med oss niste for lunsj i felt, eller også lunsj på bosted. Ekskursjon under dagen i området Ø for Magura, retning Bran. Vi vandrer gjennom beitemarker, slåtteeenger, skog (gamle lauvingstrær av bøk) og tar for oss det som måtte komme. (Botanikertempo.) – Bjørnen har stadig endevendt maurtuene her! Kanskje får vi til et lite hjemmebesøk hos familien til *Andreea Jinga*. Hun er engelsktalende og studerer i Brasov, men hjelper familien med alle aktiviteter på gården.

Middag på bostedet.

Dag 9 – lørdag 20. august Magura – Sibiu

Etter frokost pakker vi inn i bussen som tar oss retning Sibiu (ca. 3 t kjøring). Vi kjører gjennom spennende skogområder, før landskapet åpner seg. I sør får vi fjellkjeden Munti Fagaras, den sydligste delen av Karpatene.

Vi kjører direkte til **Astra Museum of Traditional Folk Civilization**
www.muzeulastra.ro.

Her får vi med oss en engelsktalende guide som jobber på museet – *Adrian Sicelanu*. Det legges opp til en organisert/guida del, lunsj og en del for individuelle vandring.

Fra museet og vel framme i Sibiu innkvarteres vi på **Hotel Ibis Sibiu**, beliggende et steinkast fra gamlebyen. Litt tid til vandring i byen på sein ettermiddagen. Reiseleder finner et spisested for den siste middagen med gruppa.

Dag 10 – søndag 21 august. Hjemreise

Med avreise (Lufthansa, Sibiu – München - Oslo) kl. 06.15, blir det tidlig morgen. Med taxi til flyplassen, kl. 04:40.

3 av deltakerne har én ekstra dag i Sibiu, og reiser hjem til samme flytid mandag morgen.

PØK 09.08.16

Arrangør og reiseleder:

Per Øystein Klunderud


e-post: pedroklu@online.no

Tlf. hjem/kontor 32 75 05 04 mobil 948 86 503

Hjemmeside: www.naturogkultur.no

SLÅTTEKURS

▼ Stått på sammen med de andre slåttemakerne i Transilvania, Romania. (Foto: Leif Høyje)



▲ Attilio Siroj fra Romania har tidligere besøkt Bjørnsætra og vært med på slåttekurs her. (Foto: Kristina Bjørcke)

Mye å lære i Romania

I AUGUST 2016 ARRANGERTE Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap en studiereise til Transilvania i nordre Romania. Kristina Bjørcke fra NIMM fikk muligheten til å delta på den velorganiserte turen med hjelp av søster fra BtV. Turdeltakerne kom fra ulike museer i hele Norge, samt fra Riksanstikvaren og Miljødepartementet.

Tyngdepunktet for turen var å studere den tradisjonelle driften og lære hvordan de skjærer slåttemarkene sine. Det omfatter lyslått og berging av høyet, så vel som osteproduksjon på sauestølene og botaniske studier på engene. Turarrangør var Per Øystein Klunderud, som i mange år har hatt ansvaret for Nordens største

slåttekurs. Dette arrangeres årlig på Ryghserra i Buskerud.

– For at vi skulle bli mest mulig kjent med gårdbrukerne og kulturen, fikk vi bo hjemme hos flere ulike familier. Studieturen ga stort utbytte, både i form av nettverksbygging i Norge og kjennskap til slåtte-teknikk og botanikk i Romania, forteller Kristina, som takker venneforeningen for støtten, og understreker at hun ivrig vil fortsatte å engasjere folk til skjøtsel av urterrike enget.